



HØGSKULEN I VOLDA



Foto: PAB

# Rapport 2008 Planar 2009

# Rapport og planar (2008-2009)

## *Innhald*

1. Innleiing .....	2
1.2 Utfordringar .....	2
1.2 Strategiar .....	3
2. Resultatrapportering for 2008 .....	6
2.1 Sektormål 1 .....	6
2.2 Sektormål 2 .....	14
2.3 Sektormål 3 .....	18
2.4 Sektormål 4 .....	22
3. Planar for 2009 .....	29
3.1 Sektormål 1 .....	29
3.2 Sektormål 2 .....	32
3.3 Sektormål 3 .....	34
3.4 Sektormål 4 .....	36
3.5 Plan for tildelt løyving for 2009 .....	38

# 1. Innleiing

Kapittel 1 omhandlar det som vi ser på som dei største utfordringane våre og ei oppsummering av strategiane våre. Dette kapitlet har eit meir langsiktig perspektiv enn dei to andre kapitla. Kapittel 2 er resultatrapport for 2008 og kapittel 3 er planar for 2009.

Under utfordringar i kapittel 1 vurderer vi dei sentrale risikoane våre, medan vi i kapittel 3 er meir konkrete i risikovurderingane, men vi konsentrere oss likevel om dei risikoane vi meiner er dei mest sentrale, og vi har relatert dei til aktuelle verksemdmål.

Det har vore ei utfordring å få heile organisasjonen med på å definere og å følgje opp resultatmåla våre, og vi har sett det som eit internt problem at plandokumentet har vore handsama på eit for seint tidspunkt. I slutten av februar har det faktisk alt gått to månader av året. Vi innførte i 2008 to tiltak for å få til ein forbetra intern prosess som grunnlag for arbeidet:

1. I oktober 2008 laga vi ein statusrapport der vi såg på kva som var oppnådd i høve dei måla vi sette oss for året. Styret handsama denne saka på oktobermøtet. På denne måten har vi fått større merksemd mot måloppnåing i organisasjonen vår, og styret vart orientert om tilstanden på eit tidleg tidspunkt.
2. I november 2008 laga vi utkast til planar for 2009 som vart handsama av styret på møtet i desember. Vi såg det som ein styrke at planane for 2009 vart handsama på same tid som budsjettet for 2009 vart fordelt. På denne måten fekk vi med viktige signal frå styret før vi handsama dei endelege planane for 2009.

Det har vore halde 7 styremøte i 2008, og det har vore arrangert 1 styreseminar der det sentrale temaet var strategiske utdanningsutfordringar.

## 1.2 *Utfordringar*

1. **Rekruttering av studentar.** Uviklinga i 2008 viste ein liten auke i søkninga til profesjonsutdanningane. Resultata for kandidatproduksjonen viser nedgang for tre av dei sentrale profesjonsutdanningane og større fråfall enn før undervegs i studiet. Difor meiner vi at den største utfordringa for Høgskulen i Volda framleis er å rekruttere tilstrekkeleg med gode studentar til dei fleste profesjonsutdanningane våre. No når lærarutdanninga skal leggast om, er det viktig å auke rekrutteringa monaleg for at vi skal kunne gje eit godt utdanningstilbod. Med unntak av medieutdanningane er våre studium profilerte mot offentleg verksemd og spesielt kommunal verksemd. Storparten av studentane ved desse utdanningane er frå regionen og vi utdannar til arbeid i regionen. Den manglande nasjonale og regionale rekrutteringa av studentar til velferdsstatens yrker er ei stor utfordring for regionen og for høgskulen. Til dømes utdannar Høgskulen i Volda kring 100 lærarar i året (allmenn og PPU), medan behovet vil vere nærare 500 i året dei komande 10 åra. I tillegg til grunnutdanning krev dette systematisk satsing på livslang læring og vidareutdanning til profesjonsarbeid. I samarbeid med kommunane, regionen, næringslivet m.m. skal vi prioritere å utvikle vårt omdøme som høgskule med høg studiekvalitet og samarbeide om å utvikle samfunnskvaliteten for studentar og tilsette i eit regionalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Høgskulen vil også gjere det mogeleg for studentar å kople studiar med eit aktivt friluftsliv, idrett, kunst og andre kulturaktivitetar og opplevingar. **Høgskulen i Volda vil arbeide systematisk for å auke rekrutteringa til profesjonsutdanningane.**

## Innleiing

- 2. Rekruttering av fagtilsette.** Høgskulen i Volda har ein fagstab på 200 på heiltid og deltid. På grunn av aldersstrukturen må minst 1/3 av staben fornyast dei komande 10 åra. Spesielt er det ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar med høge kvalifikasjonar, dei fleste av våre professorar og dosentar har vi kvalifisert sjølve. Manglande toppkompetanse kan bli ein flaskehals for fagleg utvikling. **Høgskulen i Volda vil satse på å rekruttere og kvalifisere nye medarbeidarar, og gjennom stipendiatprogram, førstelektorutdanningar, kvalifiseringsmidlar, forskings- og utviklingsprosjekt vil vi vidareutdanne egne medarbeidarar.**
- 3. Forsking og utviklingsarbeid.** Høgskulen i Volda har rekordhøg forskings- og publiseringsverksemd i 2008. Auken frå året før er på over 60 %. Men fleire medarbeidarar burde take del i denne verksemda. Dette krev: Tydelegare profilering av forskingsverksemda og konsentrasjon av FoU-ressursar på utvalde område i utvalde periodar. Betre forskingsleiing på operativt nivå: arbeide fram gode prosjektsøknader, drive kollegarettleing og interne forskingsseminar. Betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar. Generasjonsskifte – rekruttering av nye fagtilsette på toppnivå. Kontinuerleg kompetanseheving på alle nivå. Utnytte eigarskapet til og samarbeidet med Møreforskning til å utvikle felles forskningssatsingar.
- 4. Samarbeid og geografi.** Høgskulen i Volda tilbyr viktige profesjonsutdanningar som lærarutdanningar og sosialarbeidarutdanningar som einaste høgskule mellom Sogndal og Trondheim og har eit stort ansvar for grunnutdanning, etterutdanning, vidareutdanning og kunnskapsutvikling for det store området oppdelt av fjordar og fjell. Vi søker aktivt samarbeid med UHnett Vest, men lange avstandar og dårlege kommunikasjonar gjer det vanskeleg å få synergieffekt av samarbeid og arbeidsdeling. Innan kulturfag og mediefag er dei næraste andre tynge fagmiljøa Trondheim og Bergen, men vi har og store behov for internasjonalt samarbeid. Høgskulen i Volda er i dag den internasjonalt mest aktive høgskulen. Vidare utvikling av samarbeid, arbeidsdeling og spesialisering kan gi betydelege konflikhtar i forhold til regionale behov, kommunikasjonstilhøve og økonomiske rammevilkår.
- 5. Høgskulen i Volda har svært låg basisløyving sett i forhold til behova for studentproduksjon, forskning og publisering.** Regionalt, nasjonalt og internasjonalt registrerer vi store behov for profesjons- og fagutdanningane til Høgskulen i Volda. Like eins stiller behova for tettare oppfølging og individuell studietilpassing for studentar, krav til fleksibilitet og kvalitet. Dette gjeld grunn- og vidareutdanningar som er spesielt tilpassa regionen sine behov og behova for livslang læring. Med vår låge basisløyving er det spesielt utfordrande å oppfylle desse behova. Vi ønskjer å prioritere arbeidet med kvalitetsheving og utviklingsarbeid for framtidretta profesjonsutdanning, praksisnær utdanning, forskning og utviklingsarbeid høgare enn økonomien gir rom for. Vi vil arbeide for at KD og Stortinget aukar basisløyvinga. **Høgskulen i Volda vil arbeide for at eigar aukar basisløyvinga slik at vi kan konkurrere på like vilkår med andre høgskular.**

## 1.2 Strategiar

### 1. Høgskulen i Volda skal primært vere ein profesjonshøgskule.

For å oppnå dette må vi prioritere:

- Vidareutvikling av, satsing på og profilering av profesjonsutdanningane (grunnutdanning, masterutdanning, livslang læring) i nær kontakt med yrkesfeltet og samarbeidspartar nasjonalt og internasjonalt. Vi må legge vekt på tettare samarbeid mellom avdelingane, utnytte betre den samla faglege kompetansen ved høgskulen og unngå små og

## Innleiing

konkurrerende emne innafor nærslekta fag. Våre MA-utdanningar vil primært vere vidareutdanning av profesjonsutøvarar med yrkeserfaring.

- Konsentrasjon om og profilering av undervisning og forskning for å få større og sterkare fagmiljø og utdanningar. Høgskulen i Volda har som langsiktig mål å endre årleg opptak på BA-program til minst 15 studentar, på masterutdanningar minst 10 studentar. Dette bør innebere at vi har færre og større program, men med ein viss valfridom i forhold til spesialisering.
- Vi skal også legge til rette for fleksibilitet mellom utdanningar, og ha tilbod for studentar som ønskjer å prøve ut sine faglege interesser i møte med utdanning på høgare nivå, uavhengig av bestemte yrkesval. For ein liten høgskule er det også viktig å tilby fleksible utdanningskombinasjonar og studentutveksling med andre utdanningsinstitusjonar, både nasjonalt og internasjonalt.

### **2. Høgskulen i Volda skal avklare og vidareutvikle desse masterutdanningane:**

- Spesialpedagogikk samordna med ny lærarutdanning
- Sosialt arbeid – meistring og myndiggjering
- Samfunnsplanlegging og leiing – med spesialisering i skuleleiing
- Kulturmøte samordna med master i Nynorsk skriftkultur
- Journalistikk
- 5 årig lærarutdanning
- Mastergradtilbod i kulturfag

### **3. Høgskulen i Volda skal aktivt vidareutvikle lærings- og arbeidsmåtar som utnyttar fordelane med eit lite studiemiljø, kjenneteikna av nærleik mellom studentar og tilsette**

Vi vil prioritere:

- å utdanne kandidatar med topp kvalitet og omdømme uansett inntakskvalitet
- å legge til rette for studieformer med vekt på god kontakt mellom studentane og mellom lærarar og studentar, organisere studentaktive læringsarenaer, skape forventningar om deltaking og individuelt ansvar
- å ha gode, fleksible serviceordningar og administrative system som møter studenten med respekt og samtidig gir klare forventningar om studenten sine plikter
- å utvikle ein organisatorisk og akademisk kultur som verdset nær studentkontakt, formidling av kunnskap, utvikling av etisk refleksjon og danning i studentgruppa
- å skape tilknytning og identifikasjon med høgskulen og høgskulemiljøet, både hos studentar og tilsette

### **4. Høgskulen i Volda skal satse på systematisk kompetanseheving og rekruttering av tilsette**

Nært knytt til profesjonsprofilen vil vi prioritere:

- Internskulering spesielt retta inn mot kvalitetsheving og kompetanseheving ut frå faglege behov, utdanningsprofilering og ut frå behova i samfunnet kring oss
- Interne og eksterne kvalifiserings- og forskingsprogram for tilsette; stipendiatprogram, førstelektorprogram m.m. Vi vil organisere stipendiatar og forskarar i strategiske program med høgt kvalifisert fagleg leiing og rettleiing.
- Aktiv deltaking i samarbeid om administrativ opplæring, forskarskular, doktorgradsprogram og forskings- og utviklingsprosjekt regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Ein aktiv og langsiktig rekrutteringspolitikk med m.a. ”kalling” til sentrale fagområde.

### 5. Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt med regionale, nasjonale og internasjonale institusjonar og aktørar

Fokus i vidare utvikling av universitet og høgskular i Noreg må vere knytt til fagleg utvikling og faglege utfordringar, ikkje kosmetiske strukturendringar. Dette krev prioritering av:

- Aktivt samarbeid for utvikling av profesjonsutdanningar med UHnett Vest, etter- og vidareutdanning ut frå behova i arbeidslivet og spesielt innan våre profesjonssatsingar, like eins marknadsføring og studentrekruttering.
- Aktivt samarbeid for klarlegging av kunnskapsutfordringar og -behov i arbeidsliv og samfunn og målretta utvikling av forskings- og utviklingsprogram for å dekke behova. Høgskulen i Volda vil aktivt støtte forskings- og utviklingsarbeid knytt til regionale forskingsfond, VRI, profesjonsretta forskning m.m.
- Aktiv nettverksbygging, samfunnskontakt og formidling – vi skal vere synlege og aktivt utvikle omdømmet vårt regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Høgskulen i Volda vil konsentrere det nasjonale og internasjonale samarbeidet til institusjonar der vi kan samarbeide til gjensidig nytte, studentutveksling og utdannings- og forskningssamarbeid.
- Samarbeid om forskarutdanning og forskarskular spesielt retta mot behova i profesjonsfaga.
- Samarbeid om masterutdanningar innan felt der det er store faglege synergieffektar knytt til samarbeid – internasjonale og nasjonale samarbeidspartar.
- Institusjonelt samarbeid/samanslåing om dette fører til klare faglege og økonomiske gevinstar for Høgskulen i Volda og regionen og styrking av fagmiljøet i Volda innan utdanning, forskning og samfunnsarbeid.

### 6. Forskingsmål:

- Høgskulen i Volda skal utvikle spisskompetanse på dei områda der vi har/skal utvikle mastergrader og doktorgrader
- Høgskulen i Volda skal styrkje forskning i og for praksisfeltet i profesjonsutdanningane
- Nynorsk språk og kultur skal vere sentralt i FoU-verksemda ved Høgskulen i Volda
- Høgskulen i Volda skal utvikle FoU-verksemd som er relevant for eller er relatert til det regionale arbeidslivet
- Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt med Møreforskning om gjensidig utvikling av FoU-verksemda
- Alle tilsette med FoU-ressurs skal vere FoU-aktive og publisere/formidle resultatane av arbeida sine
- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for at studentar, særleg masterstudentar, får delta aktivt i FoU-verksemd og får kontakt med forskingsmiljøa både på høgskulen og Møreforskning

## 2. Resultatrapportering for 2008

### 2.1 *Sektormål 1* Høgskulane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

**Verksemdmål 2.1.1 (KD): Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet**

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda skal ha minst 1200 primærstøkkjarar**

Høgskulen i Volda hadde totalt 8880 søkkjarar, derav 2809 førsteprioritetssøkkjarar. Dette gjeld alle studium - frå 15 stp. studieprogram til allmennlærerutdanninga. HVO hadde 1270 førsteprioritetar i samordna opptak. Dette er ei auke på 109 (9.4%) samanlikna med 2007, noko som kan forklarast med deltidsutdanninga førskulelærer som hadde 102 førsteprioritetar (berre i 2008).

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 260 bachelorkandidatar**

Høgskulen i Volda har utdanna 259 bachelorkandidatar. Målet er nesten nådd.

Tal uteksaminerte kandidatar fordelt på utvalde område	2004	2005	2006	2007	2008
Førskulelærerutdanning	20	36	28	41	35
Bachelor i sosialt arbeid – barnevernspedagog	35	25	48	42	32
Bachelor i sosialt arbeid – sosionom	42	25	46	56	40
Bachelor i journalistikk	36	54	49	49	50
Bachelor i media, IKT og design	8	21	14	15	15

Tabellen viser at det er ei nedgang i talet på kandidatar på nokre av våre viktigaste utdanningar til velferdsstaten og vår region. Nedgangen er knytt til lågare studenttal og større fråfall undervegs i studiet. Talet på kandidatar kan gi viktige tilbakemeldingar når studenttalet på ei utdanning er nokså stabilt, men mange studentar søkkjer om innpassing av tidlegare utdanning i bachelorgrader og allmennlærerutdanninga, og tabellen kan difor gi eit skeivt bilete.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 30 masterkandidatar**

Tal kandidatar	2006	2007	2008
Master i spesialpedagogikk	8	15	21
Master i samfunnsplanlegging og leiing	12	7	8
Master i nynorsk skriftkultur	2	2	3
Master i helse- og sosialfag			7
<b>Samla</b>	<b>22</b>	<b>24</b>	<b>39</b>

I 2008 har vi uteksaminert 39 mastergradskandidatar. Auken skuldast at spesialpedagogikk har utdanna mange fleire kandidatar i 2008 og at vi no også begynner å utdanne masterkandidatar i helse- og sosialfag.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne 80 allmennlærarkandidatar og 60 PPU-kandidatar**

Tal uteksaminerte kandidatar fordelt på utvalde område	2004	2005	2006	2007	2008
Allmennlærerutdanning	85	84	91	90	53
PPU	126	48	112	60	51

Tabellen viser at det er ei stor nedgang i talet på allmennlærarkandidatar. Vi viser til styresaka om oppfølging av NOKUT-evalueringa av allmennlærerutdanning kapittel 2 om inntakskvalitet og gjennomstrøyming på allmennlærerutdanninga. For kullet som starta i 2004 og blei uteksaminerte i 2008 er gjennomstrøyminga på 55,9 prosent. Det er mange som sluttar (særleg i første året) og det er ein god del studentar som har forsinka progresjon, anten fordi dei står att med stryk eller fordi dei har permisjonar undervegs i studieløpet. Studieleiar gjennomfører utdanningssamtaler med alle studentane, og han melder at det er mange ulike grunnar til at studentar sluttar.

På PPU-heiltid hausten 2007 var det 63 som skulle ha starta, men 8 studentar møtte ikkje og 16 slutta undervegs. Det er mange studentar som ønskjer å ta PPU som deltidsutdanning, men det er ikkje alltid mogleg for oss å skreddarsy dette tilbudet også som deltidsutdanning. PPU er eit studium der mange ulike fagmiljø er involverte, her er mange praksisplassar og mange komponentar som må samordnast.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod – spesielt innan profesjonsutdanningane og profesjonsretta mastertilbod på heil- og deltid.**

Høgskulen i Volda legg godt til rette for fleksible tilbod. I 2008 starta vi ei ny førskulelærerutdanning på deltid, og praktisk-pedagogisk utdanning på deltid. Alle våre mastertilbod kan takast på deltid og vi arbeider stadig med å legge til rette for studentar som ikkje er i Volda. Mastergraden i Samfunnsplanlegging og leiing og mastergraden i Helse- og sosialfag har laga alternative løyper for oppgåve og metodedelene på høvesvis 30+15 studiepoeng og 45+15 studiepoeng. AKF har i samband med søknaden om statlege vidareutdanningsmidlar til *Kompetanse for kvalitet*, utvikla ein modell for vidareutdanning i praktisk-estetiske fag. Etter handsaminga av søknadene har vi fått tildelt oppgåva med å vidareutvikle og gjennomføre eit tilbod i kunst og handverk.

- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med profesjonar og næringsliv for å utvikle fagleg oppdaterte og relevante studietilbod**

Det er oppretta dialog med NAV. NAV-tilpassa emne skal innarbeidast i studieplanane for sosialarbeidarutdanninga. Ved institutt for planlegging og samfunnsfag arbeider ein med å integrere universell utforming i studieplanane for bachelorgradsutdanninga i planlegging og administrasjonen. AHL har vidare utvikla kontakt med skuleeigar og praksisfeltet i regionen. AHL har også sett i verk etter- og vidareutdanning i fleire fag. Desse tilboda er tilpassa ønske og behov frå skuleeigarar.



- **Høgskulen i Volda skal auke talet på betalingsstudium**

Høgskulen i Volda har auka tilbodet på betalingsstudium mellom anna ved at fleire halvårs- og årsstudium på nett vart avgiftsbelagde. Dette gjeld til dømes norsk og skuleretta samfunnsfag. Andre døme på nye betalingsstudium er slektsgranskning og to nye masteremne via Studiesenteret.no. Samla sett har Høgskulen i Volda fått ein stor auke i talet på betalingsstudentar. Talet for hausten 2008 var 200 (totalt tal studentar 3123 minus tal eige finansierte studentar 2923) - til samanlikning var det 102 hausten 2007 (totalt 2911 studentar minus eige finansierte studentar 2809).

AKF har utvikla eit betalingsstudium i kunsthistorie med ei brei målgruppe, og studiet vil vere klart frå hausten 2009. Elles har AKF vore med å utvikle tilbod til Barnehageløftet og Kunnskapsløftet i samarbeid med kommunar og Møre og Romsdal fylke. MKT-miljøet på AKF har etablert eit nært prosjektsamarbeid med Nettskolen om nettbasert 30+30 studiepoeng Digital kompetanse i læring (med studieavgift). Dette er sterkt etterspurde tilbod som dekkjer heile landet.

*Vurderingar:*

Høgskulen i Volda har nådd fleire mål under punkt 2.1.1, jf. målet om talet på 1. prioritatar og talet på mastergradskandidatar. Men det gir grunn til uro at vi tek opp færre studentar på våre viktige profesjonsutdanningar. Opne studium kan gi lågare inntakskvalitet, noko som kan føre til større fråfall og for få kandidatar. Under verksemdmål 2.1.2 nedanfor viser vi til nokre grep HVO har gjort for å betre gjennomstrøyminga. Høgskulen i Volda har også eigne rekrutteringsplanar for å få opp søkjartala på profesjonsutdanningane. Vi har også lukkast godt med å utvikle fleksible studietilbod og nye betalingsstudium med god deltaking. Dette viser at vi svarar godt på behova i regionen. Høgskulen i Volda sin strategi har vore å ha ein relativt brei fagportefølje for å dekkje behov i regionen. Vi meiner at tida ikkje har vore inne til å gjere større endringar i studietilbodet men vi vurderer heile tida situasjonen. I 2008 vedtok styret å etablere ei strategisk studienemnd som mellom anna skal arbeide med ein strategi for utvikling av studieporteføljen vår.

***Verksemdmål 2.1.2 (KD): Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø/studiemiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming***

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle studiekvaliteten med utgangspunkt i studiekvalitetsarbeidet på alle nivå med sikte på betre forankring og ansvarleggjering. Høgskulen i Volda skal sørge for betre og meir tilgjengeleg informasjon om studiekvalitetsarbeidet i organisasjonen og blant studentane.**

I 2008 gjennomførte Høgskulen i Volda ekstern evaluering av 5 studieprogram: årsstudium i KRL, historie, mat og helse, mastergradsutdanninga i spesialpedagogikk og bachelorgradsutdanninga i sosialfag.

Avdelingane rapporterer at ordningane med fagutval og sensorrapportar fungerer bra. Fagutvala gir gode innspel i kvalitetsarbeidet.

## Rapport 2008

AKF melder om at studiekvalitetsarbeidet har vore tema på fleire leiarmøte ved avdelinga, Avdelinga vil gå nærare inn i arbeidet med Fronter-evalueringa, som til no ikkje har fungert godt nok. Både betre opplæring og forbetring av evalueringsskjema er viktig.

Ved ASH har ein innført obligatorisk frammøte til undervisning ved alle 3 institutta. Emne og studieplanar er betre tilgjengeleg på nettet. Våren 2008 vart det laga og distribuert flygeblad og foldarar for fleire av avdelinga sine tilbod.

AHL har arbeidd spesielt med bevisstgjerings kring emne- og programansvar i høve kvalitetsarbeid og rapportering, og avdelinga har lagt mykje arbeid i å få betre rutinar i kvalitetsarbeidet. AHL har også diskutert og vurdert ulike former for studentevaluering (Fronter, spørjeskjema i grupper, m. v.)

Høgskulen i Volda har ikkje kome i gang med å leggje til rette for betre og meir tilgjengeleg informasjon om studiekvalitet. Det er viktig at dette blir prioritert i samband med ny versjon av veven vår. Tilgjengeleg informasjon og eit tenleg system for dette må òg vere ein premiss når vi skal revidere kvalitetssystemet i 2009.

- **Høgskulen i Volda skal årleg leggje til rette for fagdagar der studiekvalitet vert sett på dagsorden.**

Studieutvalet har arrangert ein fagdagar – eit fellesseminar med Høgskulen i Ålesund og Høgskulen i Molde – om kvalifikasjonsrammeverket. I tillegg har vi hatt ein fagdagar om lærarutdanningane knytt til ny stortingsmelding og det nye pedagogikk-/profesjonsfaget i desember 2008.

Fleire av fagmiljø/institutta arrangerer eigne fagdagar med fokus på studiekvalitet, særleg i samband med dei eksterne studieprogramevalueringane.

- **Høgskulen i Volda skal liggje på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengproduksjon pr heiltidsstudent.**

Nedanfor er ein tabell som viser i kor stor grad studentane gjennomfører måla i utdanningsplanane sine.

<b>Gjennomføring samanlikna med avtalt utdanningsplan</b>	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>
Alle statlege høgskular	78,4	82,6	85,9	82,2	84,5
Høgskulen i Volda	85,6	82,5	80,9	84,6	85,6

Høgskulen i Volda ligg litt over det nasjonale nivået. Utdanningsplanar i studentweben er eit viktig verkty for å få oversikt over kva studentane skal ta, og vi arbeider stadig for å forbetre bruken av det. Høgskulen i Volda har etter kvart fått god kontroll over utdanningsplanane til studentane.

Vi samanliknar også gjennomstrøyminga knytt til studiepoengproduksjonen (dvs at alle studentane er med i denne oversikta, også dei som ikkje har utdanningsplan):

HVO	Heiltidsekvivalentar			Studiepoengproduksjon			Gjennomstrøyming
Studieår	Haust	Vår	Snitt-tal studieåret	Haust	Vår	Heile studieåret	
2004/2005	2552	2457	2504,5	679,2	1381,9	2061,1	82 %
2005/2006	2649	2374	2511,5	683,2	1346,1	2029,3	81 %
2006/2007	2451	2238	2344,5	684,6	1188,2	1872,8	80 %
2007/2008	2289	2081	2185	670,1	1130,3	1800,4	82%

Det er små variasjonar i gjennomstrøymingsprosenten, vi ligg relativt stabilt på ca. 80 %. Det er variasjonar internt ved Høgskulen i Volda. AMF har hatt meir enn 100 % gjennomstrøyming heilt sida 2001. Dette betyr at mediastudentar tek meir enn 60 studiepoeng i snitt pr. studieår. Dei andre avdelingane er for nye til at vi kan sjå nokon trend.

- **Høgskulen i Volda skal auke kompetansen på rettleiing til studentane, både fagleg og administrativt gjennom opplæringsiltak for egne tilsette og praksisrettleiarar.**

Studierettleiaren på fellesnivået deltek i dei nasjonale fora for studierettleiing og studentvelferd. Studieadministrasjonen arrangerer eit fellesforum kvar 14. dag knytt til sakshandsaming og studieadministrativt regelverk. Målet er likebehandling av studentane og betre rettleiing. Dette forumet er tidvis for tilsette i studieadministrasjonen og tidvis også for alle studiekonsulentar og koordinatorar i avdelingane.

Avdelingane rapporterer at dei har etablert nye rettleiingstilbod for masterstudentar knytt til oppgåveskriving, og gjennomfører seminar for praksisrettleiarar. Nokre har regelmessige møte med involverte rettleiarar og sensorar for å optimalisere likebehandling. Institutt for sosialfag har hatt ei samling for alle rettleiarar i praksisfeltet og kontaktlærarar ved høgskulen.

Eit anna nytt tiltak er den tverrfaglege "Vurderingsgruppa" som både tener som internskulering av lærarutdannarar og til kursing av lærarar i skulen.

- **Høgskulen i Volda skal fortsette arbeidet med universell utforming og tilrettelegging.**

Handlingsplanen er vedtatt i styret, og vi arbeider no med å realisere måla.

*Vurderingar:*

Samla sett tyder tilbakemeldingane på at studiekvaliteten er tilfredsstillande ved Høgskulen i Volda. Dei emne- og studieprogramansvarlege ser ut til å gjennomgåande arbeide systematisk og godt med studiekvalitet. Dei analyserer, rapporterer og gjer framlegg om eventuelle justeringar av undervisningsopplegga. Dekanane er tillagt eit særst sentralt ansvar for studiekvalitet, også for å rapportere om studiekvalitet vidare i systemet. Det blir meldt om utfordringar knytt til emneevalueringar og korleis ein skal gjennomføre desse. Strategisk studienemnd vil gripe fatt i dette og vurdere om vi treng ein fastare struktur på emneevalueringane.

Eit viktig tema dette året har vore fridom versus obligatorikk og rettleiing. Stadig fleire fagmiljø har etter kvart meldt frå om lågt framferte til undervisninga. Dei fleste studietilbodene våre er opne og utan krav til poengsum ved opptak, og studentgruppa blir svært samansett med omsyn til motivasjon, studieføresetnader og innsats. Dette set utfordringane i høve til studiekvalitet på ei ekstra hard prøve. I år har fleire fagmiljø valt å gjere dei faglege krava tydelegare og auke læringstrykket i høgre utdanning. Fleire utdanningar har no innført obligatorisk oppmøte til undervisninga, eller andre former for obligatorikk. Vi må følgje nøye med for å sjå om dette fører til ein auke i studiekvaliteten i utdanningane.

Det blir arbeidd bra med dei ulike punkta under Verksamdmål 2.1.2. Men vi har ein jobb å gjere når det gjeld å betre informasjon om studiekvalitet. Vi har også eit forbettringspotensiale når det gjeld å dokumentere det arbeidet vi gjer med studiekvaliteten.

***Verksamdmål 2.1.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ha internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet som både medverkar til auka utdanningskvalitet og sikrar kvalifiserte kandidatar til samfunns- og næringsliv***

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2007.**

Høgskulen i Volda har dei siste åra vore blant dei beste høgskulane i landet når det gjeld studentmobilitet inn og ut i forhold til storleik og best når vi reknar i absolutte tal. I 2007 låg vi på 213 totalt, medan tala for 2008 viser ein nedgang til 172. Vi er framleis nr 3 på landsbasis i absolutte tal og nr 1 i høve storleik, men vi må leggje oss endå meir i selen for å halde oppe og auke mobiliteten. Hovudgrunnen til nedgangen er at vi ikkje lenger har programma KULS og "Utteksling for utvikling". Vi må difor arbeide for å få i stand liknande og/eller andre program, gjerne gjennom NUFU- og NOMA programma og vi må jobbe fram eigne Volda-tilbod.

Det er elles viktig å merke seg at talet på studentar ut og inn eigentleg er vesentleg høgre, men at vi i statistikken til DBH berre kan rekne mobiliteten for eitt semester. Fleire av våre Erasmus-studentar er i Volda to semester og det same gjeld for ein del utreisande studentar. Vi har også ei rekke studentar – omlag 100 – som er ute på kortare opphald, det vere seg India-studium (8 veker) og praksisutplassering for lærarstudentar, andre studiereiser m.m.

- **Høgskulen i Volda skal i 2008 ha minst 10 engelskspråklege kurs på 15 studiepoeng målretta mot utanlandske og eigne studentar.**

Målet om 10 emne på 15 studiepoeng er oppfylt: HVO hadde i 2008 10 engelskspråklege kurs på 15 studiepoeng. I tillegg er det utvikla eit nytt emne på ASH på 15 studiepoeng. Kunst- og handverk hadde i 2008 fire kurs på 15 studiepoeng der dei gav tutoring på engelsk. Ved animasjonsutdanninga gav dei også tutoring på fleire 15 studiepoengkurs. Det er fleire mindre emne på engelsk – spesielt knytt til engelsk grunnfag – og i framtida må vi vurdere om vi skal satse på kurs på 7,5 studiepoeng for å tilpasse oss Europa elles.

- **I samband med verdsarvstatusen til fjordane på Nordvestlandet vil HVO utvikle utdanningstilbod på engelsk spesielt tilrettelagt for utanlandske studentar.**

World Heritage, 30 ects, er eit studium utvikla på tvers av avdelingane på HVO og i samarbeid med Møreforskning. Det har vore arbeidd med planane hausten 2008. Strategiske midlar og stimuleringsmidlar frå internasjonalt kontor er saman med ressursar frå avdelingane brukte i utviklingsarbeidet. Studiet kan setjast i gang hausten 2009.

- **Høgskulen i Volda skal kvalitetssikre avtalar og studieplanar med sikte på å optimalisere tidspunkt og studieinnhald ved utanlandsopphald på internasjonale lærestadar.**

Vi har kontinuerleg gjennomgang av avtaleporteføljen vår med utanlandske universitet/høgskular og har hyppige besøk av kollegaer frå utlandet. Volda er ein populær samarbeidspart for utanlandske institusjonar, og vi har eit godt rykte på oss. Vi har eit stort forbetringspotensiale når det gjeld å optimalisere tidspunkt og studieinnhald for studentane våre som dreg ut. Nøkkelen er ein betre dialog mellom dei fagtilsette, og det er ønskjeleg at fleire fagtilsette og administrativt tilsette dreg ut på partnerbesøk. Dette er avgjerande for å kvalitetssikre og utvikle samarbeidet.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivået.**

Vi er ikkje komne særleg langt når det gjeld samarbeid om profesjonsutdanningane, med nokre unntak. Dei to IP<sup>1</sup>-programma "Arts in Education" og "Acting for Animation" som vi fekk godkjent i 2008 kan bli ein døroppnar til felles master i dei respektive faga. Her har fagfolka gjort ein framifrå jobb og det ligg snart føre søknad om forlenging av prosjekta med minst eitt år til.

HVO held også på å utvikle institusjonsavtalar og samarbeid om praksisplassar i utlandet gjennom Erasmus-programmet, i første rekke dei nordiske landa og England. Våren 2008 var ein infostudent ute på Erasmus praksis og hausten 2008 var seks sosialarbeidarstudentar ute på Erasmus praksis i meir enn 3 månader.

### *Vurderingar:*

Det blir arbeidd svært godt med internasjonalisering på Høgskulen i Volda, men vi har mange utfordringar, til dømes:

- Få til meir forpliktande og systematisk samarbeid om profesjonsutdanningane
- Utvikle fleire emne på engelsk – Stortingsmelding nr 14 (2008-2009) "Internasjonalisering av utdanning" legg vekt på at norske utdanningsinstitusjonar skal bli meir attraktive for utanlandske studentar
- Dimensjonere personalressursen etter den store aktiviteten, både på sentralnivået og ute på avdelingane
- Støtte og oppmuntre tilsette til å ta opphald i utlandet
- Meir målretta informasjon for studentar som vil ut
- Internasjonalisering heime

---

<sup>1</sup> Eit intensivt program (IP) er eit kort studieprogram, minst 10 dagar + evt for-/etterarbeid, som samlar studentar og lærarar frå høgere utdanningsinstitusjonar.

***Verksamdmål 2.1.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal primært vere ein profesjonshøgskule***

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda skal i 2008 starte arbeidet med hovudrevisjon av studieplanane til alle profesjonsutdanningane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering i forhold til behova i samfunnet og egne behov for konsentrasjon og profilering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med praksisfeltet.**

Vi har starta arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket på bakgrunn av høyringsdokumentet frå KD. I samband med utvikling av nye emne har vi sytt for at formuleringar om læringsutbytte, mål og innhald er i samsvar med krava til kvalifikasjonsrammeverket. Her er ein stor jobb å gjere i tida framover og fleire institutt har byrja arbeidet med dette. I alle vidareutdanningar for lærarar er læringsutbytte og læringsmål tydeleggjort. HVO har hatt eit seminar om dette saman med høgskulane i Ålesund og Molde. Framdrifta er elles noko forseinka på grunn av at vi ventar på vidareføringa av dette arbeidet i KD. HVO har som mål å ha innarbeidd krava i kvalifikasjonsrammeverket i alle nye studie- og emneplanar i 2010 og i alle studie- og emneplanar i 2011. Det skal tilsetjast ein rådgjevar i studieadministrasjonen som skal bidra i koordinering av dette arbeidet.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle institusjonsavtalar og samarbeid som sikrar tilgang på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane. Vi skal ha god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv for å sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving.**

AKF og AMF er aktive i VRI-prosjektet og har 20 % stillingsressurs i dette arbeidet. Med middel frå Utdanningsdirektoratet gjennomførte AHL i 2008 fase 1 av "Utvikling av samarbeidsformer mellom lærerutdanning og skole/barnehageeier" (sjå rapport *Samarbeidsformer mellom Høgskulen i Volda og skule- og barnehageeigarar*, Arbeidsrapport 215, HVO). AHL har hatt rettleiarsamlingar og orientering til praksisfeltet om mellom anna planar og mål med studiet. Tre tilsette er engasjerte i klimaplanarbeidet, ein er engasjert i samarbeidet med Sjustjerna, og ein i arbeidet med FRIOFF. ASH er også aktive i FORNY- og VRI-prosjektet og har ein 50 % stillingsressurs til dette arbeidet.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle profesjonsutdanningar innan kulturfeltet med spesielt sikte på arbeid i kulturskular og innan kulturformidling.**

I samband med vidareutvikling av profesjonsutdanningane har AKF vore i kontakt med Norsk kulturskoleråd. Vi er i dialog med dei om vidare utviklingsarbeid med omsyn til ei eiga utdanning for kulturskulelærarar. AKF er elles med på utviklingsprosjekt knytte til Barnehageløftet og tek del i arbeidet med dei fleksible tilboda som Høgskulen i Volda no utviklar saman med barnehageeigarane på etter- og vidareutdanningsfeltet. Dette gjeld både innafor IKT, kulturformidling og idrett. AKF har i 2008 vore i dialog med Kunstskolen i Ålesund for å kartlegge felles interesser. Frå hausten 2009 ligg det an til eit nærare samarbeid mellom Kunstskolen og AKF, der m.a. innpassing av studentar med fagskuleeksamen er aktuelt.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle nye tilbod som gjer profesjonsutdanningar tilgjengelege og fleksible for alle uavhengig av bustad og livssituasjon – livslang læring.**

AHL har gitt tilbud om Rettleiing 1 og 2 i samband med livslang læring. I tillegg er EVU-tilbod i naturfag, engelsk og nettilboda ved avdelinga også godt tilrettelagt for livslang læring. Det same gjeld arbeidet med vidareutdanning i praktisk-estetiske fag og Barnehageløftet. AMF har vidareutvikla emnet *Deskjournalistikk for e-læring*. ASH tilbyr fleire emne som frittstående program.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide vidare med studieplanar for nye lærarutdanningar på BA- og MA-nivå innan dei sentrale fagområda til høgskulen.**

Det er oppretta ei tverrfagleg gruppe under leiing av prorektor som arbeider med utvikling av nye lærarutdanningar ved Høgskulen i Volda. AHL har vore tungt inne i diskusjon om og oppstart av tilrettelegging av ny lærarutdanning. Ein arbeider med betre tilrettelegging av PPU og fleire tilbod innan førskulelærarutdanninga. I arbeidet med dei nye lærarutdanningane har AKF arbeidd med å gjere trongen for praktisk-estetiske fag i skulen tydelegare. Gjennom både nasjonalt og internasjonalt engasjement har vi arbeidd med vektlegging av læring i og gjennom kunst.

- **Høgskulen i Volda skal også ha studietilbod for studentar som vil fordjupe seg i eit fag, uavhengig av framtidig yrkesval.**

Her har vi ikkje noko å rapportere.

*Vurderingar:*

Det blir arbeidd godt med realiseringa av alle resultatmåla under 2.1.4. Vi har lukkast godt med å utvikle tilgjengelege og fleksible studietilbod som dekkjer behovet for livslang læring. Fleire av profesjonsutdanningane har styrkt samarbeidet med praksisfeltet i løpet av 2008.

## **2.2 Sektormål 2** Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg- og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskulane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning på sine fagområde.

***Verksemdmål 2.2.1 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid og kompetanseutvikling, og nyskapande verksemd i regionane våre***

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng.**

Data for samanlikning er ikkje tilgjengelege enno, men for HVO kan vi vise til stor auke i publikasjonspoeng i 2008.

- **Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer.**

Tabellen under viser kor mange fagtilsette som har publisert kvart år – og kor mange nye som har kome til kvart år.

År	Tal forfattarar	"Nye" forfattarar	Tal publikasjonar	Poeng
2004	28	28	42	45,0
2005	21	9	33	47,1
2006	25	13	33	47,0
2007	36	15	43	52,5
2008	26	8	52	86,8

I 2007 ser vi at det var heile 36 fagtilsette som publiserte, og av desse var 15 nye. Samstundes var det også ein auke på tal publikasjonar.

Sjølv om 2008 ser ut til å bli eit rekordår når det gjeld publiseringspoeng – og tal publikasjonar, ser vi at det er ein nedgang på kor mange fagtilsette som publiserer. Sidan det er fleire publikasjonar og færre forfattarar, må det bety at ein del av forfattarane har fleire publikasjonar.

- **Høgskulen i Volda skal søkje nye profesjonsretta forskingsprosjekt, m.a. finansiert av NFR og regionale aktørar.**

Vi har fått tilslag på eit prosjekt om kultur og næring gjennom VRI-programmet. Mot slutten av året starta arbeidet med å søkje midlar til den nye SHP-runden i 2009, der blir profesjonsretta forskning eit satsingsområde. AMF har fått eit forskarårsverk frå *Fritt Ord*.

- **Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk, og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprogram og andre større profesjonsprosjekt.**

Avdelingane støttar slike tiltak ved å leggje til rette økonomisk, administrativt og på andre måtar. Gjennom SHP byggjer vi internasjonale nettverk. Dessutan har fleire medarbeidarar, særleg stipendiatar, opphald ved utanlandske universitet. Avdeling for mediefag arrangerte mot slutten av 2008 ein stor internasjonal konferanse for medieforskarar, og tilsette ved avdelinga er gjennom dette nettverket med på ein søknad til EUs 7. rammeprogram.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre førstelektorkurset i samarbeid med andre høgskular og skal setje i verk eit rettleiingsprogram for våre deltakarar.**

Kurset har gått etter planen. Vi skal ha eit seminar på nyåret 2009 der vi skal evaluere det.

### ***Verksemdmål 2.2.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga***

*Resultatmål:*

- **Forskningsprogrammet i fagdidaktikk skal etablerast i 2008 med inntil 8 stipendiatar, programleiar og 2 til 3 professor II stillingar. Alle stipendiatar skal ha PhD-avtalar med gradsgivande institusjonar.**

Sju stipendiatar er tilsette og programleiar er engasjert. Midlane som var tiltenkt professor II-stillingar, vil førebels bli brukt til seminar og rettleiing. Ved slutten av 2008 hadde fem av dei sju stipendiatane fått opptak på PhD-program. Dei to siste skal søkje våren 2009.



- **Forskningsprogrammet for samfunnsarbeid, velferdsforskning og profesjonsforskning med spesielt fokus på profesjonsetikk skal planleggast med sikte på oppstart i 2009.**

Det er sett ned ei arbeidsgruppe, leiar er engasjert og professor II er tilsett. Gruppa la fram strateginotat i byrjinga av januar 2009, og planen er å lyse ut 5-7 stipendiatstillingar i løpet av våren 2009.

- **Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidersamtale minst ein gong i semesteret.**

I regi av Forskningsutvalet vart alle avdelingane bedne om å hente inn rapportar om stoda for stipendiatar og andre i doktorgradsløp. Framdrift, kontakt med rettleiar og medarbeidersamtalar var mellom spørsmåla som skulle avklarast. Resultatet viser at dei aller fleste stipendiatane vert følgde opp med medarbeidersamtalar.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide aktivt for å lage avtalar med doktorgradsinstitusjonar slik at opptak av våre stipendiatar og avtale med rettleiarar vert enklare.**

Det er svært vanskeleg å få til avtalar på institusjonsnivå. PhD-programma vil sjølve bestemme kven som skal få opptak, på individuelt grunnlag. Dette fører til mykje arbeid retta mot lågare nivå i gradsgjevande institusjonar for å få på plass avtalar.

- **Høgskulen i Volda skal aktivt samarbeide med andre institusjonar om forskarutdanning, spesielt forskarskular spesielt retta mot behova i profesjonsfaga.**

Det er for tida mange initiativ og planar om forskarskular innanfor profesjonsutdanningane, særleg lærarutdanningane, både på regionalt og nasjonalt nivå. Vi følgjer med og held oss orientert om kva som skjer. Vi har søkt opptak i universitets- og høgskulesamarbeidet på Vestlandet, UHnett Vest, men samarbeider også i Midt-norsk nettverk, som er aktive i å etablere ein regional forskarskule for lærarutdanningar.

#### *Vurderingar:*

På FoU-feltet har vi to grunnleggjande utfordringar:

- Korleis få mest mogleg FoU med høg kvalitet ut av ressursane?
- Korleis kan vi mest mogleg effektivt heve kompetansen og sikre rekrutteringa når dei fleste professorane våre vert pensjonerte i nær framtid?

I 2008 har vi teke ein del grep for å jobbe meir systematisk med desse utfordringane. Noko av det viktigaste er at styret har vedteke ein rullert FoU-strategiplan som gjeld i perioden 2008-2011. I større grad enn tidlegare er denne strategiplanen ein reiskap for handling, fordi han innfører operasjoniserbare mål og konkrete tiltak. Programorganisering av stipendiatar er eit slikt tiltak som vi har store voner til. Vi sette i gang Program for fagdidaktisk forskning i 2008 og Program for profesjonsretta forskning lyser ut stipendiatstillingar våren 2009. Det betyr meir målretta rekruttering, langt tettare oppfølging i stipendiatperioden, vonleg med betre gjennomstrøyming som resultat. Det siste har vore eit problem hittil: stipendiatane våre er ikkje blitt ferdige til normert tid. I 2007 var det ingen som disputerte, men i 2008 var det seks HVO-tilsette som tok dr.graden. Tre av desse var våre eigne stipendiatar. Vi arbeider også med støttetiltak for dei av stipendiatane våre som ikkje er på program eller er knytt til større forskingsprosjekt, og vi har betra rutinar for rapportering slik at vi har betre oversikt over korleis situasjonen er for stipendiatar og andre tilsette i doktorgradsløp. Eit anna tiltak for kompetanseheving som vart gjennomført i 2008, var eit kurs i vitenskapsteori, forskingsmetode og akademisk skriving for førstelektorkandidatar. 21 personar frå høgskulane i Møre og Romsdal og frå Høgskulen i Sogn

og Fjordane deltok. Evalueringa viser at kurset var svært vellykka, og vi vil setje i gong eit nytt hausten 2009.

Korleis er så stoda når det gjeld innhald, kvalitet og omfang av FoU-arbeidet ved HVO i 2008? Den førebelse oversikta over vitenskapleg publisering for 2008 er svært oppmuntrande. Med atterhald om moglege feil viser tala nesten ei dobling av publikasjonspoenga i høve til åra før. Vi har fleire publikasjonar på nivå 2, ein indikator på høg kvalitet. Sjølv sagt er det nokre gjengangarar, altså enkeltpersonar med jamt høg produksjon, men det har vore ein fin tendens dei siste åra at fleire enn før publiserer vitenskapleg. HVO har framleis eit internt FoU-poengsystem som m.a. premierer formidling og kunstnarleg produksjon, og også denne statistikken viser høg aktivitet og relativt god breidde i 2008.

Når det gjeld eksternt finansierte forskingsprosjekt, hadde vi i 2008 fire store prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd (NFR-prosjekta). Tre av prosjekta går over fire år, eitt over tre år, og løyvingane frå Forskingsrådet ligg på 5-7 mill. pr prosjekt. To er strategiske høgskuleprosjekt (SHP), to er finansierte av programmet PraksisFoU. Dette er verdt å merke seg, fordi begge desse programma er øymerka for spesielle søkjargrupper, dvs. at berre høgskular (SHP) eller institusjonar med lærarutdanningar (PraksisFoU) kan søkje. Sjansen for å få tilslag på prosjektsøknaden aukar såleis monaleg i høve til heilt opne utlysingar. Forskingsrådet har tradisjonelt ikkje vore begeistra for denne typen øymerking av forskingsprogram, og vil prinsipielt ha fri konkurranse om forskingsmidlane. For vår del vil vi så sterkt vi kan argumentere for innslag av øymerking for å oppnå bestemte effektar. Særleg viktig er det å vidareføre SHP i si noverande form, utan spesielle krav til tema, samarbeidspartnarar eller andre føringar. Vår erfaring med desse prosjekta, som involverer eit stort tal tilsette på ulike kompetansenivå, er at dei knapt kan overvurderast som instrument og verkemiddel for å gi løysingar på dei overordna FoU-utfordringane våre. NFR-prosjekta impliserer kvalitet og gir prestisje, dei genererer aktivitet og utløyser målretta bruk av egne ressursar. Stipendiatar og andre prosjektmedarbeidarar kjem inn i stimulerande forskingsmiljø, får utfordringar og høve til å byggje faglege nettverk ved å delta på konferansar og faglege samlingar. HVO får utvikle og spisse sentrale forskingsfelt og slik byggje ei plattform for samarbeid med andre institusjonar, og det vert lettare å engasjere eksterne toppfolk i II-arstillingar.

Vi har også døme på at SHP-miljø kan byggje bru til internasjonal forskning, eit felt der vi som FoU-institusjon har mykje ugjort. For å slå det fast: deltaking i internasjonale forskingsprosjekt er ei stor utfordring for HVO. Det tyder ikkje at våre forskarar ikkje er internasjonalt orienterte. Det er ganske mange enkeltpersonar som har store og viktige internasjonale nettverk som dei er aktive i, gjerne i form av verv og posisjonar i ulike fagsamanslutningar og organisasjonar. Svært mange deltek på internasjonale konferansar og publiserer internasjonalt. Steget opp til formalisert prosjektsamarbeid er likevel stort og ressurskrevjande. Inntil vidare må vi satse på å støtte enkeltpersonar som viser initiativ og har kontaktar og ambisjonar om å delta på internasjonale prosjektsøknader.

**2.3 Sektormål 3** Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatane. Høgskulane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

**Verksemdmål 2.3.1 (KD): Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultatane frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt**

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda sitt poengsystem for FoU skal vidareutviklast for å syne formidling som eigen hovudaktivitet. Produksjonen av formidlingspoeng skal vere større i 2008 enn i 2007.**

Vi har lagt om poengsystemet noko i 2008, med verknad frå og med 2009. Hovudendinga er at vitenskapleg publisering er skilt ut frå andre FoU-resultat og samla i ein eigen pott. Vi har vidareført vårt interne FoU-poengsystem, der særleg formidling vert premiært, med nokre få justeringar som skal gjelde frå 2009.

- **Halde fram med å arrangere Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår.**

Forskingsdagane vart arrangert i haust med god oppslutning.

- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å gi støtte til dokumentarfilmfestivalen, animasjonsfilmfestivalen, symfoniorkesteret og andre aktivitetar som fremmar omdømme og samfunnskontakt.**

Alt dette er følgt opp.

- **Høgskulen i Volda skal stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitenskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunnsprosmål innfor våre fagområde.**

Dette blir stimulert gjennom vårt eige poengsystem.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere konferansar og seminar om m.a. barnehagen, rekruttering til velferdsstatens yrker i samarbeid med regionale aktørar, samarbeide med *Fritt Ord* om seminar.**

Høgskulen i Volda har arrangert ein rekke konferansar om desse tema. *Fritt Ord* har støtta Hiroshima-konferansen, den internasjonale konferansen for medieforskarar (sjå 2.2.1), Dokumentarfestivalen og Animation Volda.

***Verksamdmål 2.3.2 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping***

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda skal gjennom m.a. etter- og vidareutdanningstilbod aktivt medverke til nyskaping i regionen på desse områda: barnehage, skule, omsorgssektor, NAV, lokale verksemdar innan media og miljø (bygdeutvikling og klimaplanlegging).**

AMF er aktive i å medverke til etablering av lokale firma som *Frost Media, Lassofilm, Høydal Videoproduksjon* (dette firmaet har fått ein million i samarbeid med HVO) og er i gang med å etablere lokal avdeling av *NorDubb* som er eit lydbearbeidingsfirma. AMF arbeider også med å produsere pilot animert barne-TV i samarbeid med firmaet *Project Room*.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å etablere eit senter for kulturproduksjon i Volda kopla til Den kulturelle skulesekken, og med løyvingar i 2008 frå ansvarlege nasjonale aktørar på feltet.**

AKF/KEV har arbeidd med etableringa av eit kulturproduksjonssenter i Volda i heile 2008. Prosjektet har fått namnet *Seanse, senter for kunstproduksjon* og har no avløyst *Prøvekluten*. *Seanse* er eit partnerskap mellom Høgskulen i Volda og Møre og Romsdal fylke. Det er arbeidd for å skaffe statleg finansiering både opp mot fylkespolitikarane, Mørebenken og kulturkomiteen på Stortinget. Elles vart det søkt om støtte frå Norsk kulturråd, der prosjektet vart tildelt midlar.

- **Høgskulen i Volda skal initiere relevante nasjonale og internasjonale nettverk innan kulturfeltet (kulturell danning og utdanning, og kultur som næring).**

AKF har god dialog med *Nasjonalt senter for kultur i opplæringa*. I tråd med konklusjonen i eit møte i Bodø vart det søkt om midlar til eit IP knytt til kulturformidling til barn, med sikte på å danne internasjonale nettverk innafor feltet. IP-et vart utvikla i løpet av hausten 2008 og vil bli gjennomført i juni 2009 med studentar frå 4 land. I tillegg har vi hausten 2008 gjort førebuingane til ein internasjonal forskingskonferanse med paper i april 2009, Arts in education, der vi m.a. får keynote speakers frå Australia, USA, Storbritannia og Noreg.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle nyskapande studietilbod innan entreprenørskap og etablerarkunnskap spesielt retta mot kulturproduksjon, kulturformidling og kulturløftet.**

AMF samarbeider med regionale og nasjonale mediehus om program- og teknologisamarbeid, og kursing innan dette. Samarbeidet mellom AKF og AMF om eit VRI-prosjekt innafor kulturnæring, resulterte i løyving til prosjektet *Høyr og sjå!* Siktemålet er å utvikle kvalitetsproduksjonar for barn og drive nasjonalt utviklingsarbeid i denne samanhengen. I samarbeid med *Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa* har vi også tatt sikte på å utvikle tilbodet til barn i overgangen mellom førskule og skule, med utgangspunkt i den nye boka deira, *Les for meg!*

***Verksamhetsmål 2.3.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for kommunane i gjennomføring av reformene i barnehage og skule (Barnehageløftet og Kunnskapsløftet)***

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å sikre faglege ressursar til dei prioriterte områda i Barnehageløftet og Kunnskapsløftet.**

Tilgang til faglege ressursar er ein kritisk faktor i den eksterne verksamda. Ved å prioritere avtalar og tiltak som går over tid (min 1 år) reduserer ein risikoen ved å bemanne opp utover dei ordinære tilboda. Eit viktig grep er det å sette av ressursar til eksternt arbeid i arbeidsplanane til dei fagtilsette.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle og integrere modellar med kombinert EVU (jf Naturfag med mål og mening) i fleire fag.**

Hausten 2008 starta vi eit tiltak i engelsk (Eit løft for engelsk) som er organisert etter same lesten som Naturfag med mål og mening. Tiltaket går over 5 semester, har i seg både etter- og vidareutdanning (30 stp) og er praksisnært .

- **Høgskulen i Volda skal som utdanningstilbydar i Barnehageløftet sikre to nye avtalar om langsiktige oppdrag for kommunar/kommunenettverk i regionen.**

Avtale er inngått med kommunane på Søre Sunnmøre/Sjustjerna om kompetanseutvikling i pedagogisk utviklingsarbeid i barnehageåret 2008-2009 innan dei fire fagområda; IKT og medverknad, lærerik leik, mat og rørsle og språk og språkutvikling. Til saman 700 barnehagestilsette er med i dette utdanningsoppdraget.

I løpet av hausten vart det også gjort avtalar med ca 10 kommunar om eit oppdrag i samarbeid med *Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst* (NAFO) og Møre og Romsdal fylke som gjeld kompetanseutvikling innan språkleg og kulturelt mangfald. Avtalen er eit bidrag frå NAFO på kr 100 000.

- **Høgskulen i Volda skal som utdanningstilbydar i Kunnskapsløftet sikre fem nye avtalar om langsiktige oppdrag for kommunar/kommunenettverk i regionen.**

Dette målet er overoppfyllt. Vi fekk åtte nye avtalar i 2008 på desse fagområda:

- Naturfag med mål og mening – Sjustjerna (5 semester)
  - Naturfag med mål og mening – Nordre Sunnmøre Kompetanse Region (5 semester)
  - Eit løft for engelsk – Kunnskapsnett Romsdal/Nettverk Nordmøre (5 semester)
  - Skuleutvikling i Haram (2 semester)
  - Elevvurdering Ørsta/Volda (2 semester)
  - Elevvurdering/Skuleleiing Molde/Rauma/Vestnes (4 semester)
  - Elevvurdering Sykkylven (2 semester)
  - Elevvurdering Fræna (2 semester)
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med fylke og kommunar arbeide for å integrere kulturfaga i Barnehageløftet og Kunnskapsløftet.**

Avtalen med kommunane på Søre Sunnmøre/Sjustjerna, som er nemnt over, inkluderer drama og teater i det faglege tilbodet.

Hausten 2008 er det også starta eit nytt og fleirfagleg utviklingsarbeid innan språk og språkutvikling ved HVO, der drama og teater er med i utviklingsgruppa. Målet er å tilby ein fleksibel modell med både etter- og vidareutdanningstilbod til barnehagetilsette i kommunar, frå hausten 2009.

*Vurderingar 2.3.1, 2.3.2 og 2.3.3:*

Høgskulen i Volda er blitt meir aktiv overfor omgjevnadene enn før, vi meiner vi fyller samfunnsmandatet vårt på ein god måte. Det er også stadig fleire som vender seg til oss med spørsmål om vi kan bidra med utviklingsarbeid på ulike område. Dette viser at Høgskulen i Volda blir oppfatta som ein viktig kompetanseinstitusjon både på nasjonalt og regionalt nivå. Auken i eksternt finansiert verksemd stadfestar dette inntrykket. Arbeidet med Barnehageløftet og Kunnskapsløftet er døme på svært god jobbing i dei involverte fagmiljøa og Kontor for etter- og vidareutdanning (KEV). Høgskulen i Volda får gode tilbakemeldingar frå kommunane på desse områda. Som eit viktig tiltak for å auke den eksternt finansierte verksemda har styret i budsjettssamanheng stilt inntektskrav til avdelingane.

### ***Verksemdsmål 2.3.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal vidareutvikle samarbeidet med regionale og nasjonale aktørar om behovsrelaterte utdanningar***

*Resultatmål:*

- **I samarbeid med kommunen, regionen, næringslivet m.m. skal vi prioritere å utvikle vårt omdømme som høgskule med høg studiekvalitet.**

Leiinga, tilsette ved avdelingane, INFO og KEV deltek i mange kommunale og regionale fora med innlegg og representasjon for å ivareta Høgskulen i Volda sitt omdømme som ein høgskule med høg studiekvalitet.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle samarbeidet med Studiesenteret.no.**

Høgskulen i Volda er ein del av utdanningsnettverket Studiesenteret.no i omlag same omfang som før. Det er teke initiativ til å kvalitetssikre partnerskapen med konkrete avtalar for kvart studietilbod, og det er nedsett ei administrativ arbeidsgruppe som skal gå gjennom prosedyrar og rutinar som gjeld handsaming av informasjonsmessig og studieadministrativ karakter.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle nye tilbod som gjer utdanninga tilgjengeleg og fleksibel for alle uavhengig av bustad og livssituasjon.**

Gjennom m.a. Studiesenteret.no legg Høgskulen i Volda til rette for å utvikle nye tilbod som gjer utdanningane meir tilgjengelege og fleksible for alle. Høgskulen i Volda har også utvikla eit e-læringsverktøy for overføring av førelesingar til studentar via streaming på internett.

## **2.4 Sektormål 4 Høgskulane skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.**

**Verksemdmål 2.4.1 (KD): Høgskulen i Volda skal føre ein aktiv arbeidsgjevpolitikkk som stimulerer til rekruttering og utvikling av den kompetansen som reflekterer våre oppgåver og ansvarsområde**

*Resultatmål:*

- **Talet på professorkompetente skal aukast i 2008.**

Høgskulen i Volda fekk to nye professorar i 2008. Høgskulen har fått styrkt sin professorkompetanse blant fast tilsette med 1,3 årsverk.

- **Høgskulen i Volda vil leggje til rette for opprykk til førstestillingar, dosent og professor. Delen av førstestillingar i gruppa ” Undervisnings- og forskerstillinger” skal aukast mot det langsiktige målet på 50 %.**

Høgskulen har i 2008 ca 42 % førstestillingar i nemnde gruppe og har såleis enno ikkje nådd målet om 50 %.

- **Førstelektorkurset skal fullførast i 2008.**

Kurset har gått etter planen. Vi skal ha eit seminar på nyåret 2009 der vi skal evaluere det.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide med avdelingsvise kompetanse- og rekrutteringsplanar for sine tilsette på grunnlag av medarbeidarsamtalane.**

I samband med samarbeidet med UHnett Vest og arbeidet med Kunnskap for kvalitet har vi gjort kartleggingsarbeid som er nyttig for vidare strategiske grep.

- **Høgskulen i Volda skal innføre mentorordning for nye fagtilsette.**

Nokre avdelingar har etablert fadderordning (ikkje mentorordning) for nye fagtilsette.

- **Høgskulen i Volda skal gje støtte til kompetanseheving for administrativt tilsette.**

Det var sett av kr 250.000 på budsjettet i 2008 til dette føremålet. Fleire tilsette har fått støtte til vidareutdanning som gjev studiepoeng. Elles er midlane gått til utviklingstiltak på dei ulike einingane.

*Vurderingar:*

I 2008 fekk vi på plass ei finansieringsordning for kompetanseheving av dei administrativt tilsette. Denne blir ført vidare i 2009. Tidlegare har vi laga gode støtteordningar for fagtilsette som ønskjer å ta doktorgrad, og vi har gjennomført eit førstelektorkurs. Vikarstipendordninga for fagtilsette held fram som før. Vi set og av midlar til leiarutvikling. Vi meiner såleis at det blir arbeidd bra med kompetanseutvikling både blant fagtilsette og administrativt tilsette.

***Verksemdmål 2.4.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk stimulere til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv***

*Resultatmål:*

- **Sjukefråværet ved Høgskulen i Volda skal haldast på same låge nivå som i 2007 (legemeldt fråvær).**

Sjukefråveret varierer noko, men held seg framleis lågt og under snittet for sektoren.

- **Av tilsette med førstekompetanse skal delen av kvinner auke frå 23 % i 2007 til 30 % i 2008.**

Del kvinner av førstekompetente fagtilsette er på same nivå som i 2007. Resultatmålet er såleis ikkje nådd.

- **Høgskulen i Volda skal lage eit WEB-basert HMS-system.**

Ei gruppe har arbeidd med denne saka. To løysingar peikar seg ut: Den eine løysinga (som ein del høgskular har valt) går ut på å "flytte" si papirbaserte HMS handbok ut på eigen web. Ein får då eit system som inneheld lenkjer til lover, føreskrifter, rutinar, skjema og skriv. Ein person må ha ansvar for å oppdatere HVO sine egne data. Den andre løysinga er å kjøpe eit system frå eit firma. Ulempa er at systemet vil vere dyrt både i innkjøp og i årleg drift. Vi har ikkje konkludert enno, men heller mot den sistnemnde løysinga fordi ho kan gje oss tovegs informasjonsutveksling. Årsaka til at avgjerda er utsett, er manglande finansiering.

*Vurderingar:*

Når det gjeld likestilling har vi to utfordringar blant dei tilsette: Vi har for få kvinner i faglege toppstillingar og for få menn i fellesadministrasjonen. Vi har ikkje nådd målet om å auke talet på kvinner med førstekompetanse. Men vi trur at førstelektorkurset vil gi resultat om ikkje så lenge fordi det var mange kvinner som deltok på dette kurset. Vi har også eit stort fleirtal kvinner blant stipendiatane. Det gir von om auka del kvinner med førstekompetanse. Blant faglege og administrative leiarar er det god balanse mellom kjønna.

Når det gjeld studentrekrutteringa, har mange av våre profesjonsstudium utvikla seg til typiske kvinneyrke. Vi har stor overvekt av kvinnelege studentar – dei utgjer om lag 70 %. Det er ikkje lett for den enkelte høgskule å påverke rekrutteringa fordi det er snakk om nasjonale trendar og kulturar. Men HVO er aktivt med i eit prosjekt finansiert av Kunnskapsdepartementet for å rekruttere fleire menn til førskulelærarutdanninga.

***Verksemdmål 2.4.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ta i vare høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og ei effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til dei strategiske prioriteringane våre***

*Resultatmål:*

- **Retningslinjene for aktivering av anleggsmidlar skal innarbeidast i økonomimodellen**



Retningslinjene er utarbeidde og er med i økonomimodellen som vart distribuert 1.9.2008. I tillegg til retningslinjene har vi også gitt opplæring slik at alt no fungerer som det skal. Dette gjeld for alt nyinnkjøp frå og med 2008. Avskrivningane vert registrerte ved kvar månadsavslutning.

- **Den fastsette opningsbalansen (knytt til anleggsmidlar) pr 1.1.2008 skal vere godt dokumentert og ha høg kvalitet**

Styret handsama saka om opningsbalansen på møte 24. januar 2009, sak 03/2009. Vi hadde laga eit opplegg der vi gjennomførte kartlegging, klassifisering og verdsetjing av alt som bør registrerast som anleggsmidlar i rekneskapen pr 1.1.2008. Arbeidet måtte baserast på egne vurderingar, og alt er dokumentert. Styret godkjente opplegget og den verdien som er lagt til grunn for opningsbalansen på kr 15.029.000.

- **Høgskulen i Volda skal innføre Konkurransgjennomføringsverktøy (KGV) for innkjøp**

Høgskulen i Volda har vedteke at e-handel skal innførast i løpet av 2008. UNINETT, på vegner av universitets- og høgskulesektoren, sette i gang eit prosjekt for innføring av e-handel frå bestilling til betaling. Høgskulen i Volda knytte seg til dette prosjektet og forplikta seg til å delta. Våren 2008 byrja det interne arbeidet der innkjøpsstrategien for Høgskulen i Volda vart revidert og tilpassa dei nye retningslinjene frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Hausten 2008 starta vi arbeidet med å implementere systemet og opplæring av superbrukarane. Systemet har ein relativt høg brukarterskel, men det er eit effektivt system for konkurransegjennomføring. Visma Enterprise Anbud og Kontrakt er no klart til å takast i bruk, og opplæring av brukarane kan ta til.

- **Høgskulen i Volda skal innføre elektronisk bestillingssystem (BSS) i 2008**

Bestillingssystemet Visma Proceedo vart implementert samtidig med KGV. Hausten 2008 vart det også gitt opplæring for superbrukarane i Visma Proceedo. Systemet har ein relativt låg brukarterskel, men har ein del arbeid for superbrukarane i forkant av bruken. Systemet er klart til å takast i bruk, men det er framleis ein jobb å gjere med omsyn til leverandørar som skal inn i systemet.

UNINETT har sett ned ei arbeidsgruppe som skal syte for effektiv og god bruk av systema knytt til BSS. Høgskulen i Volda har stilt med ein medarbeidar i denne gruppa.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle rutinane for prosjektgjennomføring og prosjektrapportering**

KD kom med nye krav i samband med at det vart innført nytt regelverket frå og med 1.1.2008 som mellom anna er knytt til oppdrags- og bidragsfinansiert verksemd. Derfor vart dette arbeidet meir krevjande enn det vi først hadde føresett.

I tillegg har vi hatt ei stor utfordring i å ta ut gode rapportar frå økonomisystemet Agresso for å gjere det mogleg for dei prosjektansvarlege å følgje opp prosjekta sine på ein god måte. Dette problemet har forsterka seg dei siste åra sidan vi har fått større aktivitet på området og fordi vi no har fått mange store prosjekt som krev ei god sluttrapportering.

Det finst spesielle elektroniske system på marknaden for prosjektgjennomføring. Vi starta med å seie oss interesserte i å vere med i eit prosjekt gjennom UNINETT for å finne fram til eit felles

## Rapport 2008

system for dei interesserte i UH-sektoren. Denne prosessen har gått sin gang, men vi har i mellomtida konkludert med at vår aktivitet på området ikkje er større enn at vi må kunne klare å lage gode nok system innanfor det gjeldande økonomisystemet vårt. Å innføre eit nytt, integrert system ville vere ein ny, stor terskel både sentralt og ute i avdelingane.

Vi har derfor konsentrert forbetningsarbeidet om to tiltak:

1. Vi har gått gjennom prosjektnummerstrukturen vår og laga ei gruppeinndeling som gjer projektrapporteringa meir oversiktleg på eit overordna nivå. Etter dette vil prosjektnummeret seie noko om kva type prosjekt det er snakk om og kvar finansieringskjelda er (t.d. kommunar, statlege institusjonar, organisasjonar, forskingsrådet). Alle prosjektnummer som ikkje fall inn i den nye strukturen, har frå og med 1.8.2008 fått nytt nummer. Det er gitt informasjon til avdelingane og andre økonomimedarbeidarar, og økonomimodellen som var utsend 1.9.2008 inneheldt opplysningar om alle gjeldande prosjekt. Dette er først og fremst eit viktig tiltak for å kunne effektivisere og kvalitetssikre arbeidet med den eksterne rekneskapsrapporten, men det vil også gje betre oversikt på eit overordna nivå internt.
2. Det er utarbeidd ein rapporteringsmal i Excel som er tilpassa dei ulike prosjekttypene våre. Vi har i 2008 først og fremst konsentrert denne innsatsen mot dei nye forskingsprosjekta våre. Denne malen tek utgangspunkt i data frå projektrekneskapskapen i økonomisystemet Agresso, og tilpassar den til dei ulike budsjettføresetnadene. Vi har kalla inn til møte der vi har gått detaljert gjennom budsjetta for dei ulike prosjekta for å sikre at rapportane vert korrekte. Dette arbeidet har også ført til at vi sikrar at kostnadsbelastninga og interne tilskot vert korrekt registrerte. Det er føreset at det vert lagt inn budsjett i Agresso for alle prosjekt over ein viss storleik. Den nye malen skal hjelpe dei prosjektansvarleg med å tolke dei opplysningane som kjem frå økonomisystemet. Vi har fått gode interne tilbakemeldingar på det arbeidet som er gjort hittil, og det vil verte vidareutvikla i 2009.

- **Høgskulen i Volda skal etablere etiske retningslinjer i 2008**

Styret utsette handsaminga av denne saka.

- **Høgskulen i Volda vil også i 2008 leggje vekt på at føresegner og regelverk vert etterlevde. Eit viktig mål er at vi unngår merknader frå Riksrevisjonen.**

Dette har vi også i 2008 lagt stor vekt på sjølv om dei endringane departementet krev, har vore utfordrande:

- Tilpassing og omarbeiding av rekneskapsoppsettet slik at det no er tilpassa nytt regelverk om bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd. Som følgje av dette er kontoplanen endra for nokre område, og vi må presentere oppdrags- og bidragsfinansiert verksemd kvar for seg og etter ulike ordningar.
- Alle egedelar skal frå og med 1.1.2008 inngå som egedelar i balansen vår. Vi har fått på plass dei nye kontoane og rutinane for korrekt registrering av alt nyinnkjøp i 2008, og vi har fått på plass opningsbalansen pr 1.1.2008. Rekneskapskapen frå Høgskulen i Volda frå og med 2008 inneheld no:
  - Verdien av anleggsmidlane våre
  - Avskrivningar
  - Avsetning for forpliktingar knytt til anleggsmidlar
  - Korrigering av løyvinga for året knytt til innkjøp av anleggsmidlar og avskrivningar

## Rapport 2008

- Kontantstramanalysen er frå og med 2008 presentert etter den direkte metoden (mot før etter den indirekte metoden)

I tillegg er det ei utfordring å handheve retningslinjene som følgje av at særavtalen er oppsagt.

- **Høgskulen i Volda skal leggje stor vekt på at vi får fortgang i å innfri dei forpliktingane som ligg i løyvinga vår. Avsetningsnivået skal reduserast.**

Driftsresultatet frå løyvingsfinansiert verksemd er over 6 mill kroner lågare enn i 2007. Høge avsetningar har ikkje vore eit problem for Høgskulen i Volda. Vi hadde uforsvarleg låge avsetningar både i 2003 og 2004, på høvesvis kr 4.560.000 og 4.089.000. Som det kjem fram av note 15 i rekneskapen er avsetningane etter 2008 kr 28.952.000. Vi hadde budsjettert med eit underskot i 2008 på 2,3 mill, men underskotet vart berre kr 700.000.

I samsvar med note 15 kjem resultatet fram slik:

-880 000	nedgang i avsette midlar ved Nynorsksenteret
189 000	auke i andre avsette midlar frå utdanningsdirektoratet
2 660 000	auke i utsett aktivitet ved avdelingane
-996 000	nedgang i avsette midlar til strategiske formål
-1 166 000	nedgang i avsette investeringsmidlar
-783 000	nedgang i sentrale buffermidlar
-101 000	nedgang i avsette midlar frå andre departement
119 000	auke i avsette midlar frå NFR
258 000	auke i avsette midlar frå andre bidragsytarar
<b>-700 000</b>	<b>Sum endringar</b>

Nedgangen i dei resultatbaserte utdanningsløyvingane i 2009 og 2010 og auken i pensjonspremien frå 2009 viser at det avsetningsnivået som vi har bygd opp, har vore nødvendig.

### *Vurderingar:*

Høgskulen i Volda har gode system for økonomistyring, og vi har vore opptekne av å lage ordningar som kan stimulere til god ressursutnytting. Resultatet av aktiviteten vår tyder på at vi har lukkast godt. Vi er kanskje den skulen i sektoren som får mest ut av basisløyvinga. Våre tilsette er positive pådrivarar for at Høgskulen i Volda skal lukkast med dei måla vi set oss, og dette ser vi på som eit stort gode. Denne verdien vert ikkje direkte synleg i rekneskapen.


Finansieringsmodellen frå KD vart innført med verknad frå og med budsjettåret 2003 basert på studiepoengproduksjonen i 2001. Høgskulen i Volda innførte delar av kvalitetsreforma alt frå hausten 2002, og vi kan vise til spesielt god studiepoengproduksjon både i 2003 og i 2004. Både i 2005 og 2006 har den eigenfinansierte studiepoengproduksjonen gått noko ned i høve toppåret 2004, medan nedgangen i 2007 er betydeleg. 2004-produksjonen låg på eit for høgt nivå i høve basisløyvinga vår.

Vår strategi har vore at ein større del av studiepoengproduksjonen skal vere finansiert ved studieavgifter eller annan ekstern finansiering, og dette viser no igjen både i studiepoengproduksjonen og i inntektene.

Den eigenfinansierte studiepoengproduksjonen (60-studiepoengeiningar) har vore slik i åra frå 2001 til 2008:

## Rapport 2008


Samla HVO	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
Studiepoengprod. vår	1130,3	1188,2	1346,1	1381,9	1453,0	1476,7	1363,5
Studiepoengprod. haust	695,2	670,1	684,5	683,2	679,2	549,3	363,5
<b>SUM HVO</b>	<b>1825,5</b>	<b>1858,3</b>	<b>2030,6</b>	<b>2065,1</b>	<b>2132,2</b>	<b>2026,0</b>	<b>1727,0</b>
Endring frå førre år	-32,8	-172,3	-34,5	-67,1	106,2	299,0	-105,2



Nivået på eigenproduserte studiepoeng i 2007 og 2008 er nok for lågt dersom vi skal klare å halde oppe den aktiviteten vi har no.

Denne illustrasjonen tek ikkje omsyn til at studietilboda våre er inndelte i 5 kategoriar som gjev utteljing med vekt mellom 1 og 3 i finansieringsmodellen. Dei siste åra har mastertilboda våre kome inn med større tyngde slik at vi får noko meir utteljing for studiepoengeiningane i 2008 enn det vi fekk dei første åra.

Konsekvensane for studiepoengløyvinga i budsjettet to år seinare:



## Rapport 2008

Tapet i det resultatbaserte budsjettet i 2010 basert på nedgangen i studiepoengproduksjonen frå 2007 til 2008 er utrekna til knapt 1,8 mill kroner (2009-kroner), jf også punkt 2.2.1.

Denne grafen viser at det var viktig og nødvendig at vi bygde opp avsetningar i åra frå 2005 til 2006. I 2007 fekk vi eit dobbelt problem sidan KD dette året vedtok eit større kutt i basisløyvinga for alle institusjonane i sektoren (Kvileeskjæret). For oss utgjorde dette nesten 3 mill kroner som kom i tillegg til nedgangen i undervisningskomponenten.

Høgskulen i Volda kan vise til gode resultat samanlikna med dei andre høgskulane både når det gjeld talet på utvekslingsstudentar, innrapporterte publiseringspoeng og NFR-midlar.

År	Løyving frå NFR (tusen kr)	Innrapporterte publiseringspoeng	Utvekslings- studentar
2004	2 433	45,1	114
2005	2 176	47,1	200
2006	1 076	46,0	197
2007	4 432	52,8	212
2008	6 607	87,8	171

Resultatet i 2008 for publiseringspoenga er imponerende, spesielt sett på bakgrunn av at vi også var gode frå før. Tildeling i 2009 pr publiseringspoeng var kr 38.540. Dersom denne satsen blir vidareført til 2010, vil auken utgjere vel 1,3 mill kr.

Behovet for administrative versus faglege stillingar er spørsmål som vert tekne opp til interne diskusjonar i samband med arbeidet med budsjettfordelingsmodellen vår. Modellen har vore revidert med visse mellomrom, og siste revisjon var teken hausten 2007.

Det største problemet vårt er at vi har ei svært låg basisløyving samanlikna med dei andre institusjonane i sektoren. Vi ser at vi i 2009 må setje inn større trykk i arbeidet for å oppnå auka basisløyving frå og med 2010. Vi må kunne forvente at rammevilkåra i sektoren skal vere om lag like.

### **Forvaltning av fullmakter:**

Høgskulen i Volda eig tre mindre aksjepostar som er investerte etter den nye ordninga frå 2003. Vi har kjøpt aksjar i 2008.

Vi arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle og forbetre rutinane våre knytt til fullmakter og ansvarstilhøve. Som en lekk i dette arbeidet fastsette styret i 2008:

- Revidert innkjøpsstrategi
- Interne reglar for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Fullmakter til aksjekjøp i samsvar med reglementet frå KD er ikkje delegert til avdelingane.

Aksjepostane i Møreforskning og i Høgskolesenteret i Kristiansund er kjøpt som er samordna med dei andre to høgskulane i fylket der vi har gått inn med like store eigarpartar.

## 3. Planar for 2009

### **3.1 Sektormål 1** Høgskulane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

**Verksemdmål 3.1.1 (KD):** *Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet*

*Resultatmål:*

- Høgskulen i Volda skal ha minst 1350 primærstøkkjarar i samordna opptak
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 260 bachelorkandidatar
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 30 masterkandidatar
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 60 allmennlærarkandidatar og 50 PPU-kandidatar
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod – spesielt innan profesjonsutdanningane og vidareutdanningar retta mot lærarar
- Høgskulen i Volda skal utvikle ein god modell for lærarutdanning retta mot regionen
- Høgskulen skal starte implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket i studieplanarbeidet
- Høgskulen i Volda skal satse på kulturfaga

*Risikovurderingar:*

Det største trugsmålet mot måloppnåinga til Høgskulen i Volda er at vi ikkje får tilstrekkeleg søking til studia våre. Dei siste åra har vist sviktande rekruttering til viktige profesjonsutdanningar. Svikten viser seg no i kandidatproduksjonen (jf Rapport om studiekvalitet). Forklaringa kan delvis liggje i låg status for velferdsstatens yrker og høgkonjunktur med lett tilgang på godt løna arbeid i privat sektor. Følgjene for Høgskulen i Volda kan bli alvorlege. Styresmaktene har difor eit stort ansvar for å gjere velferdsutdanningane meir attraktive. På Høgskulen i Volda har vi auka innsatsen til marknadsføring av studietilboda våre. Vi har også laga ein rekrutteringsplan som reviderast årleg og som blir drøfta med styret på kvart desembermøte. Vi legg og stor vekt på å rekruttere dyktige fagfolk og gi dei gode vilkår for kompetanseutvikling. På den måten legg vi til rette for god undervisning og eit godt omdøme. Vi trur at risikoen for rekrutteringssvikt minskar som følge av forventa lågkonjunktur dei næraste åra.

Vi vil og leggje til at framhald av låg basisløyving trugar måloppnåinga vår og kan hindre arbeidet med rekruttering, omdømebygging og kvalitetsforbetring.

Dersom ikkje kulturfaga får ein tydeleg plass i den nye lærarutdanninga, kan det bli tungt å halde oppe desse tilboda.

*Kommentar:*

Høgskulen i Volda har i 2009 stilt med stand på utdanningsmessene i Oslo, Bergen, Trondheim, Ålesund og Lillestrøm, og vi er kåra til beste stand på 4 av dei 5 messene (Oslo, Bergen, Trondheim og Ålesund). Dette teiknar bra for opptaket i 2009.

Styringsparameter	Resultat				Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Talet på primærskjalar per studieplass	Departementet hentar tal frå DBH				1,3
Uteksaminerte kandidatar på bachelorprogram					260
Uteksaminerte masterkandidatar					30
Uteksaminerte allmennlærarkandidatar					60
Uteksaminerte PPU - kandidatar					50
Primærskjalar i samordna opptak			1 161	1 270	1 350

**Verksemdmål 3.1.2 (KD): Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming**

*Resultatmål:*

- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle kvalitetssystemet og stimulere til god dialog og diskusjonar mellom tilsette og studentar knytt til kvalitetsarbeidet
- Høgskulen i Volda skal satse på meir målretta kommunikasjon om kvalitetsarbeid og betre informasjon om temaet på nettsidene
- Høgskulen i Volda skal kople arbeidet med implementering av kvalifikasjonsrammeverket mot arbeidet med studiekvaliteten i studieprogramma
- Høgskulen i Volda skal arbeide for å realisere handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø
- Strategisk studienemnd skal arrangere ein fagdag om dei obligatoriske elementa i undervisninga
- Høgskulen i Volda skal gjennomføre eit prosjekt for å optimalisere tenesta i avdelingane og fellesadministrasjonen knytt til søkjarar og studentar
- Høgskulen i Volda skal liggje på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengsproduksjon pr heiltidsstudent

*Risikovurderingar:*

Trugsmålet mot måloppnåinga er manglande engasjement og studentmedverknad. HVO og Studenttinget i Volda må i fellesskap finne fram til gode måtar å auke engasjementet og deltakinga blant tilsette og studentar. Gode tiltak er at vi møter i kvarandre sine leiarmøte. Fagutvala er også ein kritisk faktor. Dersom vi får dei til å fungere, har vi lagt eit godt grunnlag for kvalitetsforbetring. Vi har også utfordringar knytt til emneevalueringane. Målretta kommunikasjon om kvalitetsarbeid og betre informasjon på nettsidene våre er tiltak som vil bli sett i verk i 2009 (jf Rapport om studiekvalitet).

Delar av realiseringa av handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø kan bli hindra av knappe budsjett. For å unngå at investeringar blir salderingspostar i budsjetthandsaminga, har HVO innarbeidd i budsjettfordelingsmodellen at ein bestemt del av basisløyvinga skal nyttast til investeringar. Men det handlar like mykje om å påverke haldningar. Difor må vi nytte ulike

informasjonstiltak for å gjere lærarane medvitne om korleis ein legg til rette læringssituasjonen i samsvar med krava om universell utforming.

Styringsparameter	Resultat				Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsstudent per år	Departementet hentar tal frå DBH				49
Studentar per undervisningsforskningsstilling og formidlingsstilling					17
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	82,5	80,9	84,6	85,6	86

**Verksamdmål 3.1.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet som medverkar til auka utdanningskvalitet**

*Resultatmål:*

- Høgskulen i Volda skal arbeide for å vidareføre dei to IP-prosjekta (Intensive Programs) dei to komande åra.
- Høgskulen i Volda skal satse på eit studium knytt til verdsarven og Vestnorsk fjordlandskap på engelsk: World heritage of the Geiranger fjord (30 stp) frå hausten 2009.
- Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2008.
- Høgskulen i Volda skal i 2009 utvikle minst 3 nye engelskspråklege kurs på 15 studiepoeng målretta mot utanlandske og egne studentar.
- Høgskulen i Volda skal kvalitetssikre avtalar og studieplanar med sikte på å optimalisere tidspunkt og studieinnhald ved utanlandsopphald på internasjonale lærestadar.
- Høgskulen i Volda skal utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå.

*Kommentarar:*

HVO set av egne satsingsmidlar som stimulans til å utvikle nye studietilbod på engelsk. Budsjettet til Internasjonalt utval er styrka i 2009 slik at vi kan få til fleire fellestiltak. Vi skal og vurdere om det kan vere hensiktsmessig å lage ein "pakke" på 30 studiepoeng som utanlandske studentar kan ta i Volda. Det er viktig at vi dimensjonerer talet på emne i forhold til etterspurnaden.

Styringsparameter	Resultat				Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Talet på utvekslingsstudentar (ut- og innreisande)	Departementet hentar tal frå DBH				200
Talet på framandspråklege studietilbod (15 studiepoeng)					13



***Verksemålmål 3.1.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal primært vere ein profesjonshøgskule med profilerte tilbod innan mediefag, sosialfag og lærarutdanning***

*Resultatmål:*

- Høgskulen i Volda skal i 2009 vidareføre arbeidet med revisjon av studieplanane til alle profesjonsutdanningane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering i forhold til behova i samfunnet og egne behov for konsentrasjon og profilering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med praksisfeltet.
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle institusjonsavtalar og samarbeid som sikrar tilgang på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane. Vi skal ha god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv for å sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving.
- Høgskulen i Volda skal også ha studietilbod for studentar som vil fordjupe seg i eit fag eller emne, uavhengig av framtidig yrkesval, og vil arbeide med studieadministrative system for å handtere dette.
- Førskulelærarutdanninga skal tilby arbeidsplassbaserte utdanningstilbod som deltidsstudium i 2009.
- Høgskulen i Volda skal vurdere å satse på utvikling av nye faglærarutdanningar, særleg innafør kulturfaga.

**3.2 Sektormål 2** Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

***Verksemålmål 3.2.1 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling, og nyskapande verksemd i regionane***

*Resultatmål:*

- Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng.
- Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer.
- Høgskulen i Volda skal søke nye profesjonsretta forskingsprosjekt, m.a. finansiert av NFR og regionale aktørar. HVO skal få tilslag på ein ny SHP i 2009.
- Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk, og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprogram og andre større profesjonsprosjekt.
- Høgskulen i Volda skal starte nytt førstelektorkurs i samarbeid med høgskulane på Vestlandet hausten 2009.

*Risikovurderingar:*

Eit trugsmål mot måloppnåinga er at forskingsverksemda vert skvisa i høve til undervisninga. Som eit tiltak har høgskuleleiinga oppmoda avdelingsleiingane om å leggje til rette for at fagtilsette kan få frigjort meir samanhengande tid til FoU.

Viktige tiltak i den nye FoU-planen er at arbeidsplanane til vitskapleg tilsette skal brukast meir målretta til å gjere alle aktive i forskings- og formidlingsarbeid, til å omfordele FoU-ressursar til felles og avdelingsvise program og prosjekt og til kollegarettleiing og forskingsleiing på operativt nivå. Alle som får tildelt FoU-ressurs skal dokumentere korleis denne ressursen er nytta.

Styringsparameter	Resultat				Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings og formidlingsstilling	Departementet hentar tal frå DBH				0,4
NFR-tildeling per undervisnings-, forsknings og formidlingsstilling					42 000
EU-tildeling per undervisnings-, forskings og formidlingsstilling					0

***Verksamdmål 3.2.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiattstillinger syte for god gjennomføring av forskarutdanninga***

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda skal satse på å knyte stipendiatar til program med klare mål, god rettleiing og oppfølging for å betre gjennomstrøyminga.**
- **Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2009.**
- **Eit nytt program i profesjonsforskning skal etablerast i løpet av 2009.**
- **Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidarsamtale minst ein gong i året.**
- **Høgskulen i Volda skal aktivt samarbeide med andre institusjonar om forskarutdanning, spesielt forskarskular som er retta mot behova i profesjonsfaga.**

*Risikovurderingar:*

Det er fleire trugsmål mot måloppnåinga om god gjennomføring av forskarutdanninga. Eit mogleg problem kan vere at stipendiatane går lenge før dei blir tekne opp på doktorgradsprogram fordi søknadene ikkje er godt nok gjennomarbeidde. Eit anna kan vere at oppfølginga ved Høgskulen i Volda ikkje er god nok. Dette kan få alvorlege følgjer for gjennomføringa. Dei erfaringane vi har så langt tyder på at vi har eit forbettringspotensiale når det gjeld gjennomføring. Vi har difor sett i verk ein del tiltak som skal betre gjennomføringa. Stipendiatar som blir tilsett får ikkje løn før dei er tekne opp på doktorgradsprogram. Vi har også innført intervju ved tilsetjing for å formidle forventningar og krav og sjekke motivasjon. Eige reglement for oppfølging av stipendiatar er vedteke. Krav til undervegsrapportering er skjerp. Høgskulen i Volda skal og satse på å knyte stipendiatane til større program med klare mål, god rettleiing og oppfølging. Det blir sett av ressursar til koordinator og rettleiing (jf Ny FoU-plan og Framlegg til budsjett for 2010).

*Kommentar:*

Forskningsutvalet skal ein gong i året handsame statusrapport over framdrift og oppfølging vedrørande stipendiatar og andre i doktorgradsløp.

**2.3 Sektormål 3** Høgskulen skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatane. Vi skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

**Verksemdmål 3.3.1 (KD):** Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultatane frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

*Resultatmål:*

- Halde fram med å arrangere Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår.
- Høgskulen i Volda skal halde fram med å gi støtte til dokumentarfilmfestivalen, animasjonsfilmfestivalen, symfoniorkesteret og andre aktivitetar som fremjar omdømme og samfunnskontakt.
- Høgskulen i Volda skal gjennom internt poengsystem for FoU stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunns spørsmål innafor våre fagområde.
- Høgskulen i Volda skal arrangere konferansar og seminar om m.a. barnehagen, rekruttering til velferdsstatens yrker i samarbeid med regionale aktørar og samarbeide med Fritt Ord om forskning og seminar.
- Høgskulen i Volda legg opp til nettbaserte tenester for forskingsformidling. Gjennom nye nettsider vil ein fokusere på framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar.
- Høgskulen i Volda sitt interne poengsystem for FoU skal vidareutviklast for å syne formidling som eigen hovudaktivitet. Produksjonen av formidlingspoeng skal vere større i 2009 enn i 2008.
- Høgskulen i Volda skal arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda innafor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar.

**Verksemdmål 3.3.2 (KD):** Høgskulen i Volda skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping

*Resultatmål:*

- Høgskulen i Volda skal auke den eksternt finansierte verksemda i 2009
- Høgskulen i Volda skal arbeide vidare med å sikre etablering av eit senter for kulturproduksjon i Volda kopla til Den kulturelle skulesekken, og med nye løyvingar i 2009 frå ansvarlege nasjonale aktørar.
- Høgskulen i Volda skal utvikle nyskapande studietilbod i samarbeid med og for regionen, innan leing, kultur og etablerarkunnskap
- Høgskulen i Volda vil arrangere nyskapingseminar og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid
- Høgskulen i Volda skal aktivt medverke til nyskaping i regionen gjennom utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod

Styringsparameter	Resultat				Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)	Departementet hentar tal frå DBH				12 500

***Verksamdomsmål 3.3.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for kommunane i gjennomføring av reformene i barnehage og skule (Barnehageløftet og Kompetanse for kvalitet)***

*Resultatmål:*

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre oppdraget knytt til utviklingsarbeid i barnehagen for kommunane på Søre Sunnmøre.**
- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt vidareutdanningstilbod for førskulelærarar på til saman 30 stp innan språkmiljø og språkutvikling.**
- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre etterutdanning for barnehagetilsette innan språkleg og kulturelt mangfald i barnehagen.**
- **Høgskulen i Volda skal tilby eit nytt vidareutdanningstilbod på til saman 30 stp for leiarar i barnehagen innan organisasjon og leiing.**
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar for lærarar, i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet.**
- **Høgskulen i Volda skal vidareføre vidareutdanninga for kommunane innan naturfag (Naturfag med mål og meining).**
- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre vidareutdanningstilbodet for lærarar i Romsdalsregionen innan matematikk, til saman 30 stp.**
- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre etterutdanning og rettleiing innan elevvurdering.**
- **Høgskulen skal gjennomføre etter- og vidareutdanning for lærarar på til saman 30 stp innan engelsk.**
- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt vidareutdanningstilbod for skuleleiarar (rektorskulen).**

*Risikovurderingar:*

Høgskulen i Volda har store ambisjonar når det gjeld etter- og vidareutdanning for lærarar. I det nye Kompetanse for kvalitet – eit varig system for kompetanseheving av lærarar, legg partane opp til nye prinsipp for kompetanseheving. Nyordninga kan føre til redusert aktivitet. Dei statlege løyvingane held fram på same nivå som før. Vidareutdanning gir læraren fritak for undervisning – vikarkostnaden blir fordelt mellom stat, skuleeigar og lærar. Ein større del av avsette midlar (både statlege og kommunale) vil gå til å dekkje vikarkostnader. Uvissa er om skuleeigar/kommunane maktar å finansiere sin del av kostnadene og korleis lærarar som tek vidareutdanning i eigen regi reagerer når kollegaen får fri til å studere. Alternativt må studietilboda tilpassast det tildelte måltalet. Samla kan talet på lærarar som tek vidareutdanning bli mindre. Vår strategi må vere å tilby studium som blir valt framfor andre – kriteria her går på fagleg innhald, organisering og gjennomføring.

*Kommentarar:*

HVO har i dag fleire avtalar med kommunar om deltaking i skuleutviklingsprosessar – dette er etterutdanning og vil ikkje kunne finansierast med statlege midlar som før. Denne aktiviteten vil truleg falle bort. Derimot ser ein at staten tilbyr etterutdanning til skular som har dårlege resultat på nasjonale prøver – t.d. fekk utvalte kompetansmiljø i oppdrag å gi kurs i leseopplæring. Truleg vil vi sjå meir av slike satsingar innan prioriterte fag og her må HVO markere seg.

***Verksamds mål 3.3.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal vidareutvikle utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar***

*Resultatmål:*

- Høgskulen i Volda skal ha tett samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst og Nynorsk kultursenter.
- Høgskulen i Volda skal utvikle nye studietilbod som gjer utdanningane tilgjengelege og fleksible for alle, uavhengig av bustad og livssituasjon.
- I samarbeid med regionen, næringsliv og kommunar skal Høgskulen i Volda utvikle eit moduloppbygd studietilbod innan krisehandtering.
- Høgskulen i Volda skal samarbeide med andre høgskular på Vestlandet om masterutdanning i helse- og sosialfag.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for å auke oppdragsverksemd og eksternt finansierte verksemd.
- Høgskulen skal gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg i god kvalitet for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette.

***3.4 Sektormål 4 Høgskulane skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at vi tek best mogleg vare på samfunnsoppdraget innafør ramma av dei disponible ressursane***

***Verksamds mål 3.4.1 (KD): Høgskulen i Volda skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane***

*Resultatmål:*

- Høgskulen i Volda skal styrke det interne informasjonsarbeidet knytt til økonomistyringsordningane våre.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for auka intern kunnskap om forvaltningssystem og organisasjon

***Verksamds mål 3.4.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv***

*Resultatmål:*

- Høgskulen i Volda skal arbeide med avdelingsvise kompetanse- og rekrutteringsplanar for dei tilsette på grunnlag av medarbeidersamtalane.

- Høgskulen i Volda skal gje støtte til kompetanseheving for administrativt tilsette.
- Høgskulen i Volda skal fastsetje etiske retningslinjer i 2009.
- I gruppa leiarar og tilsette med førstekompetanse skal delen av kvinner aukast.
- Høgskulen i Volda skal arrangere samling for nytilsette.
- Delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 40 %.
- Delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 30 %.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Vestnorsk nettverk arrangere eit nytt førstelektorkurs hausten 2009.
- Høgskulen i Volda skal prøve å finne årsaker til at sjukefråværet for kvinner er så mykje høgare enn for menn.
- Høgskulen i Volda skal delta i eit program for å auke rekrutteringa av menn til førskulelærarutdanninga.

#### Risikovurderingar:

Ein stram arbeidsmarknad kan føre til at Høgskulen i Volda taper konkurransen om dei gode søkerane. Situasjonen på arbeidsmarknaden har endra seg noko i det siste, men det er likevel viktig å satse på omdømmebygging og profilering. Det er og ei utfordring å halde på arbeidstakarar med høg kompetanse. Gjennom arbeidsplanane legg vi godt til rette for FoU-verksemd slik at vi kan halde fram med å vere ein attraktiv arbeidsplass for forskarar.

Høgare tal tilsette med høg formell kompetanse kan føre til auka kostnader utan tilsvarende inntekter. Det er også ein risiko at godt kvalifiserte tilsette sluttar fordi vi ikkje kan tilby gode nok vilkår ut frå dei økonomiske rammene våre.

Større arbeidspress kan føre til auka sjukefråvær og mangel på kvalifisert personale. Vi har merka noko auka sjukefråvær blant administrativt tilsette den siste tida. Det kan skuldast stort press på grunn av innføring av mange nye system og auka kompleksitet i det administrative arbeidet. Høgskulen i Volda prøver å minske presset ved å organisere innføring av nye tiltak som prosjekt finansiert gjennom satsingsmidlane våre. Vi har no betra rutinane for oppfølging av sjukmelde, og vil også leggje til rette for styrking av utvalte funksjonar i budsjettet for 2009.

#### Kommentarar:

I det vesentlege har Høgskulen i Volda sjølv ”utdanna” tilsette i topp- og mellomgruppestillingar. Dette må vi også prioritere høgt i framtida. Vi har difor sett i gang forskingsprogramma for stipendiatar og førstelektorkurset. På tilsvarende vis kan det bli aktuelt å lage eit eige ”dosentprogram”, spesielt dersom krava til dosentstillingar knytt til profesjonsutdanningane blir klarare.

Styringsparameter	Resultat				Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	
Del førstestillingar av totale undervisnings- forskar- og formidlingsstillingar	Departementet hentar tal frå DBH				40 %
Del kvinner med førstekompetanse					30 %

**Verksendmål 3.4.3 (KD): Høgskulen i Volda skal halde på den høge kvaliteten i økonomiforvaltninga. Vi skal ta omsyn til god intern kontroll og ei effektiv ressursforvaltning i dei strategiske prioriteringane våre.**

*Resultatmål:*

- I samarbeid mellom avdelingane og fellesadministrasjonen skal det lagast system for å analysere ressursbruken på utvalte område.
- Nye tiltak skal ikkje setjast i verk før det er lagt fram eit godt dokumentert budsjett.
- Med bakgrunn i den vedtekte innkjøpsstrategien skal vi lage interne rutinar og drive informasjons- og opplæringsarbeid knytt til:
  - regelverka for innkjøp
  - dei nye elektroniske innkjøpsprosessane
- Høgskulen i Volda skal forbetre dei interne rutinane for prosjektgjennomføring og projektrapportering.
- Høgskulen i Volda vil også i 2009 leggje vekt på at føresegner og regelverk vert etterlevde.
- Avsetningsnivået ved Høgskulen i Volda skal reduserast.

*Risikovurderingar:*

Eit trugsmål mot effektiv ressursforvaltning er at vi utviklar nye studietilbod utan å vurdere ressursbruk og finansiering. Eit viktig tiltak er difor å kvalitetssikre budsjettering og finansiering av nye tilbod. Eksisterande tilbod må jamleg vurderast med tanke på god ressursbruk.

Styringsparameter	Resultat				Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	2009
Resultat oppdragsaktivitet	Departementet hentar tal frå DBH				700
Opptente inntekter BOA inkludert NFR - midlar og studieavgifter	10 107	11 434	16 096	21 066	21 000
Likviditetsgrad (omløpsmidler/kortsiktig gjeld)	1,51	1,78	1,67	1,71	1,50
Avrekningar	9 960	9 276	5 372	-700	-8 200

### 3.5 Plan for tildelt løyving for 2009

Løyvinga for 2009 er fordelt internt i styresak 48/2008 i møte 4. desember 2008, og det er skrive tildelingsbrev til avdelingane. Budsjettet er fordelt i rammer til avdelingane i samsvar med den vedtekte budsjettmodellen vår. Modellen stimulerer til god aktivitet mellom anna ved at den premieringa av resultatata som kjem gjennom finansieringsmodellen frå KD, så godt som råd vert vidareførte internt.

I samsvar med modellen har vi sett av midlar til satsingstiltak og til investeringsmidlar etter spesielle prioriteringar.

Vår strategi har vore at ein større del av studiepoengproduksjonen skal vere finansiert ved ekstern finansiering, og dette viser no igjen både i studiepoengproduksjonen og i inntektene.

## Planar 2009

Verknaden av den låge studiepoengproduksjonen i 2007 har vi fått i 2009-budsjettet. Dersom vi ikkje hadde bygd opp avsetningar i åra frå 2005 til 2006, hadde vi fått store problem i 2009.

Høgskulen i Volda kan vise til gode resultat samanlikna med dei andre høgskulane både når det gjeld talet på utvekslingsstudentar, innrapporterte publiseringspoeng og NFR-midlar. Resultatet i 2008 for publiseringspoenga er imponerende, spesielt sett på bakgrunn av at vi også var gode frå før.

Også når det gjeld studieavgifter og oppdragsinntekter kan vi vise til gode resultat i 2008, jf note 1 i rekneskapen. Dette grunnlaget tek vi med oss inn i 2009.

Positive signal framover:

- Oppgang i forskingskomponenten på grunn av auke i publiseringspoeng.
- Kvileskjæret er tilbakeført.
- Vi har oppnådd gode resultat i arbeidet med å skaffe eksterne midlar.
- Studiepoengproduksjonen for hausten 2008 er auka i høve hausten 2007 med 25,1 studiepoengeiningar (tilsvarer kr 640.000). Dette gir utsikter for auka eigenfinansiert produksjon for våren 2009.
- Vi har tru på at rekrutteringssituasjonen hausten 2009 vil vise ein oppgang både fordi vi trur at finanskrisa vil føre til at fleire vel å studere og at våre utdanningar blir meir attraktive.
- Vi har fått basisløyving for 15 studieplassar i barnehagepedagogikk frå hausten 2009.
- Vi har fått fullfinansiering for 60 studieplassar på deltid knytt til vidareutdanningstilbod for lærarar.

Dette siste punktet kan samstundes vere eit trugsmål sidan vi er usikre på korleis dette vil slå ut for aktiviteten knytt til kunnskapsløftet, der Høgskulen i Volda har fått godt omdøme og oppnådd gode resultat dei siste åra.

Utfordringar i 2009:

- Nedgang i undervisningskomponenten på nesten 6 mill kroner.
- Stort lønnsoppgjær i 2008 som berre delvis er kompensert i 2009.
- Auka pensjonspremie.
- Det kan bli vanskeleg å halde oppe same volumet knytt til etter- og vidareutdanning for lærarar som vi har hatt siste åra sidan staten berre har kome med nokre få statleg finansierte plassar.

I samband med revisjon av finansieringsmodellen i 2009 ser vi at dette er tida for å setje spesielt fokus på den låge basisløyvinga vår for å oppnå forståing for ei omfordeling i sektoren. Dersom vi lukkast i dette arbeidet, kan vi få ein auke i basisløyvinga vår alt frå og med 2010.

Ein overordna presentasjon av budsjettfordelinga for tildelte midlar i 2009 er rapportert til DBH.